

# ÅRSMELDING OG REKNESKAP

# 2015



**ROGALAND BONDELAG**





# LOKALMAT



Coop produserer hver dag en mengde egne merkevarer. Mange av disse produktene er hentet fra det norske landbruket som foredlede produkter eller råvarer, som kornprodukter, kjøtt eller frukt og grønt.

Gjennom dette samarbeidet styrker vi det norske landbruket samtidig som vi gir forbrukerne produkter av høy kvalitet til gode priser.



coop  
Litt ditt

# Innhald

Årsmøtet – 2015 .....	3
Styret og utval til Rogaland Bondelag – 2015.....	9
Næringspolitiske saker.....	10
Organisasjonssaker .....	26
Andre saker .....	32
Leiarane i lokallaga.....	40
Medlemsoversikt .....	41
Rekneskapen 2015 .....	42



*Framsdebilde:  
Vinnarbilette frå fotokonkurransen.  
Foto: Kjell Andreas Heskestad.*



# Kjære medlemmer og kollegaer

Når ein skal setja seg ned for å gjera opp status for året som har gått, vert ofte dei same tinga synlege. Landbruks- og matpolitikk står fortsatt høgt på dagsorden. Det er utfordrande, det er krevjande og ikkje minst er det interessant.

Eg synes å registrera at norsk mat og norsk landbruk er blitt meir populært hjå folk flest i løpet av dei siste åra. Som bønder har me all grunn til å være stolte av den jobben me gjer kvar dag i fjøset og ute på jordene. Norsk mat er blitt trendy!

I haust vart leiarmøte vårt kombinert med ein tur til Bayern og Tyrol. Eg vill gjerne takka alle som var med for å gjera det til fire flotte dagar der me vart ein godt samansveisa gjeng. Austerrike er truleg det landet i EU som minner mest om Norge og det har så langt bevart ein struktur med mjølkeproduksjon på relativt små gardar. Tyrol er mest kjent for sin høy-mjolk produksjon. Høy-mjolk er ein produkt som vert meir og meir verdsatt. Det som kanskje overraska oss mest i Tyrol, var integrert fjøs, bustad, gardsturisme og overnatting i same bygg.

Når me ser tilbake, så vart jordbruksoppgjeret svært krevjande. I respekt for å ta vare på avtaleinstituttet, er eg glad for at det vart ein avtale. Positivt var det at ein fekk til ein liten auke i budsjettoverføringar og at ein unngikk reduksjon i distriktstilskot og beitetilskot. Foreslått endring av omrekningsfaktor for innmarksbeite frå 0,6 til 0,5 ville slått særleg hardt ut i beitefylke Rogaland.

Det var fjerning av fraktstøtta til pelsdyrfor og omlegging av tilskot til lammaslakt som skapte størst utfordring. Mange av våre medlemmer var frustrerte over framgangsmåten ved omlegginga av lammaslaktilskotet og dei ønska ei orsaking både på prosess og resultat. På årsmøte i Norges Bondelag beklaga både leiar og generalsekretær framgangsmåten. Dette er ei sak som organisasjonen må ta lærdom av.

2015 har vore eit tøft år for kyllingprodusentane. I den situasjonen som har vore rundt kyllingproduksjonen, enten det er overetablering, bruk av narasin, sviikt i sal, marknadsmakt eller marknadsregulering, så er det mange enkelt personar. Det er bønder med familie som har investert mykje pengar på ein produksjon dei

hadde tru på for å gjera garden til ein arbeidsplass. Det er dei som sit i att som tapar, enkelte med store lån som kan være vanskeleg å betena.

2015 var også vanskeleg for bønder som har levert grønnsaker til ICA. Som kjent kjøpte Coop opp ICA, og i mai fekk mange grønnsakprodusentar som har hatt leveringsavtaler med ICA, og som allereie hadde planta og sådd, beskjed om at dei likevel ikkje får levert varene til Coop i denne sesongen.

«Norge kan ikkje utelukka knapphet på vesentlige importvarer i periodar, og me bør planleggja mottiltak». Slik konkluderer Forsvarets forskingsinstitutt i ein ny rapport. Skal me produsera meir mat i dette landet, må me ta vare på det litle me har av dyrka jord. Jordvern er ein grunnleggjande premis for i det heile tatt å ha eit landbruk. Før jul vedtok Stortinget ein ny jordvernstrategi med målsetting om at det innan 2020 skal omdisponerast under 4000 dekar årleg. Rogaland har om lag 10% av jordbruksarealet i landet og årleg har me omdisponert i snitt 1200 dekar dei siste ti åra.

For tida på går det fleire større planleggingsarbeider innan samferdselsektoren. Jernbaneverket vil leggja dobbeltsporet over Jæren i nye trasear, og Vegvesenet planlegg fire felt på 44 mellom Klepp og Bryne. Berre i desse to prosjekta vil det i følge Stavanger Aftenblad, gå med 3000 dekar prima matjord. Det svarer til ti gode gardsbruk, arbeidsplasser og evig matproduksjon. I tillegg er Vegvesenet i ferd med å utgreia ny trase for E-39 frå Sandnes til Kristiansand som alt etter traseval, kan ta fleire hundre dekar god matjord ut av produksjon for alltid, berre i Rogaland. Dette er meiningslaust! Norge, verdas rikaste land, må kunna ta seg råd til å velja ein trase for veg og bane som skåner prima jordbruksjord sjølv om dette alternativet skulle bli dyrare. Eg forventar at lokalpolitikarar både i fylkestinget og kommunestyrrer fram snakkar jordvernet.

Me opplever for tida aukande arbeidsledighet i vår region og auka press på økonomien. I nedgangstider er det landbruk og matindustri som er den stabiliserande faktor i økonomi og arbeidsliv. Landbruket kan bli endå viktigare for å oppretthalda lokal sysselsetting og folkegrunnlag.



Bondelaget er både ein fagorganisasjon for bønder, og ein interesseorganisasjon for alle som støtter norsk matproduksjon. Det er gledeleg å sjå at medlemstallet aukar. Per 31.12.2015 var me i Rogaland Bondelag 6 430 medlemmer mot 6377 året før. Særleg har medlemsveksten vore stor blant personlege medlemmer. Dette seier meg at mange flaggar standpunkt og ynskjer å støtta opp om den jobben me som bønder og bondelaget gjer for norsk matproduksjon.

Oppgåvene står i kø i det nye året som me er inne i og me trenger alle gode bidrag for å gjera vår jobb så god som mulig. Hovudpilarane i norsk landbrukspolitikk er sett i spill. Matproduksjon og landbruk er ei viktig næring og det vil alltid være bruk for oss. Difor må me ta vare på den norske landbruksmodellen og hegna om matjorda.

Takk for eit godt arbeidsår til alle som kvar dag jobbar for det flotte landbruket me har. Ein spesiell takk til styret og tilsette på kontoret for godt samarbeid i året som er gått!

**Lukka til i året som kjem!**

Med helsing  
Ola Andreas Byrkjedal

# Årsmøte i Rogaland Bondelag 2015

Årsmøte vart halde på  
Scandic Airport Hotell fredag  
6. og laurdag 7. mars 2015.

## Korrigerings av deltakarliste:

Alle deltakarar vart registrert og ved møtestart var det 74 utsendingar frå 37 av 41 lokallag. Frå styret møtte alle med unntak av styrepraesentant Lisa Breiland og representant frå RBU Elin Egeland Roda, begge to hadde meldt forfall. Vidare møtte 1 frå Norges Bondelag sitt rep. skap, ein rep. frå Rogaland Bygdekvinnelag. Totalt var det 81 røysteføre. Frå Norges Bondelag deltok 2. nestleiar i styret, Brita Skallerud. I tillegg møtte æresmedlem Svein Helge Harbo, stortingsrepresentant Geir Pollestad og fleire gjester frå landbruket sine organisasjonar.



Foto: Bondevennen.

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Fylkesleiar Ola Andreas Byrkjedal ønskte utsendingar, æresmedlem og gjester velkomne til årsmøte og gav ordet til møteleiar Per Inge Egeland, som refererte møteinnkallinga og sakliste. Det var ingen merknader til innkalling og sakliste. Møteleiar erklærte møte for lovleg sett og gjorde møtet ope for pressa med høve til å lukke møtet dersom saker skulle tilseie det.

## Til å skriva under møteboka vart følgjande valde:

Judit Vikingstad, Karmøy Bondelag og Åsbjørn Høyland, Nærbø Bondelag.

## Til medlemmar i resolusjonskomité vart følgjande valde:

Leiar: Kjell Andreas Heskestad, styret. Bente Gro Slettebø, Bjerkreim Bondelag Arne Berge, Time Bondelag Johannes Vestbø, Sandeid Bondelag Are H Braaten, kontoret, sekretær.

## Leiarens tale:

I talen til Ola Andreas Byrkjedal var tema blant anna følgjande:

- Godt og aktivt arbeidsår. Vårt arbeid er blant anna å skapa forståing blant forbrukaren om det arbeid som bonden gjer.

- ”Kæ seie bonden” vart lansert på årsmøte i fjor. Over 300 tusen synningar på You Tube, og i NRK Rogaland vart den kåra til en mest leste artikkelen for 2014 med 270 844 treff . God reklame for norsk landbruk.

- Jordbruksforhandlingane 2014. Takk for stort engasjement frå lokallaga, med innspel i førekant av forhandlingane og rask reaksjon med lokale aksjonar når brot var eit faktum.

- Myter om norsk landbruk. Minkande del av statsbudsjett til landbruket, 1978 var det 8%, i 2015 er overføringsane på 1,3% av statsbudsjettet.

Ei myte hjå nokre er at landbruket er lite effektivt. Ei anna myte er at norsk mat er dyr. Slike mytar må ein møta med opplysende diskusjonar.

- Biogass. Biogass basert på husdyrgjødsel kan gi store mengder fornybar energi, reduksjon i utslepp av klimagassar og ein meir anvendeleg gjødsel. På Jæren er det god infrastruktur/ ledningsnett for gass som kan nyttas.

- Lausdrift i mjølkeproduksjonen. Det er krav om overgang frå bås fjøs til lausdrift for mjølkekyr frå 2024. Vi står føre store investeringar i nye fjøs, som vil føre til stor strukturrasjonal-

isering og avvikling innan mjølkeproduksjon. Vi oppmoda Norges Bondelag å arbeida for oppheving av dato for overgang frå bås fjøs til lausdrift.

- Jordvern. Norge har lite jordbruksareal samanlikna med mange andre land. Berre 3% av Noregs landareal er dyrka jord med om lag 10 mill dekar. Av dette arealet er om lag 30% egna som korndyrking. Ingen av EU landa har lågare andel.

Dyrka mark må få like strengt juridisk vern slik som 15% av landets areal som er verna gjennom naturmangfald- og andre lovar. Ros til ordførar i Sandnes Stanley Wirak som tek ein meir offensiv haldning til jordvern.

- Verdiskaping. Om lag 90 tusen arbeidsplassar er knytte til matproduksjon og vidareforedling. Landbruket er ein stor verdiskapar i landet. Overføringsar på kr 14 mrd gir kr 38 mrd. i produksjonsverdi på råvaresida og kr 138 mrd for heile verdikjeda.
- Jordbruksoppgjeret 2015. God prosess så langt i bondelaget.
- Politikk. Samarbeidsklima i regjeringa vert sett på prøve og det er slitasje. Landbrukspolitikken er kanskje det området med størst forskjellar mellom regjering og samarbeidspartia.

- Medlemsvekst. Ved årsskiftet var det 6377 medlemmar i Rogaland Bonde- lag. Totalt er det verva 313 nye medlemmar, og ein avgang på 288 medlemmar. Vi har hatt ein vekst på 25 medlemmar. 20 lokallag har hatt medlemsvekst.

Skal organisasjonen fungera, er den heilt avhengig av aktive lokallag. Vår styrke er at vi er til stades i mest alle av fylkes kommunar, er imponert over innsatsen i lokallaga Saman skal vi lukkas med å ha eit lønsamt land- bruk over heile landet.

Visdomsord frå Willie Nelson, ameri- kansk countryartist:

*"Kampen for familiegardar handlar ikkje om bønder. Det handlar om å forsikre seg om sikker og sunn mat til oss alle. Og det handlar om jobbar. Det handlar om eit betre land."*

På bakgrunn i leiaren sin tale vart det opna for debatt:

Følgjande hadde ordet: Arne Berge, Bjørn Friestad, Arnstein Røyneberg, Åsbjørn Høyland, Bente Gro Slettebø, Askild Eggebø, Gabriel Joa, Sigmund Rangen og Geir Pollestad.

Nokre punkt frå debatten:

Konsekvensar for landbrukspolitik- ken; Gode for nokre få.

- Krav om lausdrift, ønskjer årstal bort for forbod om båsfjøs.
- Innovasjonsmidlar; mjølkeproduk- sjon, storfe / slakte produksjon.
- Bra med utgreiing av ny trase på E 139.
- Uro på manglande slakt på storfe. Store verdiar vert importert.
- Vi må snu trenden på fallande stor- feproduksjon.
- Dramatisk import av meieriprodukt.
- Krav om lausdrift; bra at fylkeslaget tek opp problemstillinga på årstal. Kva vil skje med dei bruka som har mellom 15 og 25 kyr?
- Biogassproduksjon, vi må nytte dei ressursane vi har på garden.
- Korn / kraftfôrpolitikken er viktig for heile landbruket i landet. Alvorleg med fallande kornproduksjon.
- Jordvern. Viktige areal for matpro- duksjon vert nedbygd.
- Positiv bonde. Må ikkje mista trua. Tru på næringa og stolt bonde.
- Vera på med kontakt politikarane.
- Feil å hevje kornpris og bruke pris- nedskriving. Kornbruka har hatt ei betre inntektsutvikling enn andre grupper i landbruket.
- Om kraftfôrprisen går opp p.g.a. høgare kornpris vil ikkje grasareala bli betre utnytta, fleire vil avslutte drifta.

- Har plass til storfe på marginale kornareal.
- Vanskelig diskusjon pris korn. Kva gjer ein for å auke produksjonen? Det har ikkje vore avlingsauke i kornproduksjonen dei 30 siste åra.
- Kva skal ein gjer med alle dei gamle løene som står tome? Rivingstilskot?
- Kva tankar har bondelaget føre jord- bruksforhandlingane med Frp stats- råden.
- Korleis auke inntekta til bonden, konkurranse om budsjettmidlar frå andre sektorar i samfunnet.
- Må få ei inntektsutvikling som sikre rekruttering og fornying.
- Prisnedskriving om målprisen på korn går opp.
- Nye norskproduserte proteinkjelder i staden for import av soya.
- Samferdsel og E 139, framtidsretta.
- Båsfjøs til lausdrift er effektivisering.
- Bygge den stolte bonde, ku-utstilling på Jærmessa.
- Norges Bondelag er ein proff orga- nisasjon.
- Mange viktige politiske saker fram- over; artikkel 19, TTIP, jordbruks- forhandlingane.
- Bonden gjer ein god jobb, nasjonal matlevering.

Fylkesleiar Ola Andreas Byrkjedal opp- summerte og takka for gode diskusjo- nar.

Møteleiar takka for godt engasje- ment og gjekk vidare på saklista.

#### **Sak 1: Årsmelding**

Nestleiar i styret Kjell Andreas Hes- kestad gjekk gjennom årsmeldinga og kommenterte saker frå årsmeldinga.

Årsmeldinga for 2014 vart samrøys- tes godkjent.

#### **Sak 2: Rekneskapan for 2014**

Org. sjef Olav sande gjekk gjennom re- kneskapan og kommenterte einskilde postar.

Rekneskapan for 2014 vart samrøys- tes godkjent.



Foto: Bondevennen.



Bente Gro M. Slettebø på talarstolen. Dei tre karane opptatt med sitt?

### Sak 3: Innkomen sak

Valnemnda i Rogaland Bondelag la samrøystes fram sak for årsmøte om endring av arbeidsinstruks.

Styret behandla saka på møte den 19. februar.

Styret si tilråding til vedtak og saksutgreiing er lagt ved.

### Vedtak

Styret i Rogaland Bondelag tilrår: Andre setning i pkt 5 vert ikkje endra og vil ha følgjande ordlyd: ”Det skal takast distriktsvise omsyn”. På dei andre forslaga vil styret tilrå endring i instruks.

### Saksutgreiing

Valnemnda har kome med følgjande forslag til endring av Instruks for valnemnda i Rogaland Bondelag. Endringsforslaget er merka med gult.

Grunngjevinga er at valnemnda ønskjer å stå noko friare innan distriktsvise omsyn enn dagens instruks. Valnemnda ønskjer og å visa det ansvar som lokal-laga har med å ha forslag til kandidatar til tillitsverv i Rogaland Bondelag. For at valnemnda kan gjer eit godt arbeid er det nødvendig at dei har kandidatar som rekrutterast inn i Rogaland Bondelag sitt arbeid.

Valnemnda i Rogaland BL hadde i møte 30. januar 2015 til behandling. ”Instruks for valnemnda i Rogaland Bondelag” godkjend av årsmøte i Rogaland Bondelag 20. og 21. mars 2009.

### Ei samla valnemnd ønskjer å endra fyrste avsnitt i punkt 5 til følgjande:

Valnemnda skal fremja forslag på kandidatar til alle tillitsverv i samsvar med lo-vane. Det bør takast distriktsvise omsyn. Lokallaga bør kome med innspel. Omsynet til eit best mogleg samansett styre

skal vektleggjast. Likeeins skal ein søkja å få til ei rimeleg kjønnsfordeling til dei ulike verva. Valnemnda har plikt til å søkja etter kandidatar til dei ulike verva. Ut ifrå dette skal ein søkja og finna fram til dei personane som best stettar krava.

Valnemnda må også prøva å ta lang-siktige omsyn med tanke på seinare sty-resamansetnad m.m.

Valnemnda skal innhenta konkrete og faktiske opplysningar om dei føre-slegne kandidatane m.m.”

Leiar i valkomiteen, Sigmund Ran-gen orienterte om bakgrunn til forslag om å endre arbeidsinstruksen.

Fylkesleiar Ola Andreas Byrkjedal orienterte om styret si behandling og tilråding.

Følgjande hadde ordet til saka: Sven Martin Håland, Knut Åge Gjersdal og Jan Idar Haugen.

Det var avstemning på dei to forsla-ga; styret si tilråding fekk 21 stemmer, og falt. Det var ikkje kontraavstemning.

Arbeidsinstruks vert endra i samsvar med forslag frå valnemnda.

### 2. nestleiar i styret for Norges Bondelag, Brita Skallerud hadde innlegg på følgjande tittel: Landbruket og samfunnet omkring oss Følgjande tema vart tatt opp i hennas innlegg:

- Landbruket er ei politisk næring, treng politiske vedtak for ramevilkår.
- Nye sjukdommar i vårt land – MRSA (antibiotikaresistente bakterier) og BSE (kugalskap)
- Produktivetsframgang
- Ta i bruk alle ressursar på garden.
- Komplett næringskjede, kr 14 mrd inn i næringa, kr 140 mrd i verdiskaping. Årlig.

### • Fleire viktige saker nå:

- Artikkel 19, handelssamkvem mellom EU og Norge på landbruksvarer.
- Marknadsbalanseringsutvalet
- Jordbruksforhandlingane 2015
- Konesjonslova
  - Jordvern, matjord til matproduksjon
  - Priskontroll
  - Buplikt
  - driveplikt

### • Rame for jordbruksforhandlingane.

- Prisuttak
- Korn, kjøt, mjølk, grønt
- Budsjettpengar
- Prosent eller kroner
- **Viktige jordbrukspolitiske verkemiddel**
  - Korn og kraftfôrpolitikken
  - Auka matproduksjon på norske ressursar.

### • Politisk arbeid, viktig å møte polikarane

- Skatteregimet i samband med sal av jord
- Ikkje konsesjonsplikt ved sal av jord til nabobruk.
- Verdiskaping

### • To interne arbeidsgrupper:

- Klimapolitikk, landbruket ein del av klimaløysingane.
- Matpolitikk.
  - Auka matproduksjon på norske ressursar, produsert på ein bærekraftig måte som gir trygg og ærlig mat til alle

Etter kort innleiing frå ordstyrar vart det invitert til ordskitte, og følgjande hadde ordet:

Geir Oluf Hareland, Bente Gro Slettebø, Geir Jone Pollestad, Vidar Nedrebø, Geir Erik Aanestad, Arne Berge, Sveinung Svebestad

### Punkt frå debatten:

- Puljetillegg på gris, levering slakteri.
- Effektiviseringskrav
- Prioritere distrikt og strukturutjamning.
- Støtte til pelsdyrhaldarane.
- Gardsbesøk av skuleklassar, bra.
- Ærlig mat, kommentarar.
- Kvi for godta negative oppslag om norske kyllingprodukt i Nationen som ikkje får spalteplass til kommentarar frå landbruksfagleg hald. Er vi tent med ei slik avis i landbruket.
- Nationen – kritisk avis, bør ha kritisk blikk, utfordrande med truverdigskap med nåverande eigarskap.
- Trygg mat og kompetanse
  - Utdanning av veterinær og medisinsk samarbeid på NVH på Høyland i Sandnes. Må verne om institusjonen. Høg kompetanse.
  - Samarbeid med humanmedisin og animalmedisin.
- Støtt opp om familiebruket
- Konesjonsloven,
- Norske ressursar, kva er det i dagens lønnsnivå.
- Skal vi ta omsyn til EU sin mjølkepris ved forhandlingane?
- 200 mill liter mjølk / mjølkeprodukt vert importert, må ta omsyn til det i kravet.

### Brita Skallerud oppsummerte:

- Puljetillegg ved større leveranse til slakteri: kan ikkje bruke budsjettmidlar for å etterlikne skeivfordeling.
- Effektivisering, teknisk utvikling
- Ressursgrunnlaget vårt er jord.
- Vi må gjer noko i mjølkesektoren
  - Lausdriftskravet
  - Struktur.

### Importvernet, eit viktig ramevilkår for norsk matproduksjon?

Innlegg ved leiar i Rogaland Bondelag sitt Grøntutval, Håvard Skavland

- Importvernet i grøntsektoren er avgjerande for blant anna veksthusproduksjonar.
- Eit press frå Europa som sel t. d tomat til under pakke / emballasje kostnader
- Stor effektivisering i veksthusproduksjonen.
  - På 20 år har noteringsprisen på tomat stege med kr 2,-.

Innlegg ved konsernstyremedlem i Tine Sa, Askild Eggebø.

- Importvernet i mjølkesektoren
  - Ordrande på Yoghurt
  - Norsk kostnadsnivå svært høgt samanlikna med EU
  - Norsk målpris på mjølk er høg i forhold til EU.
  - Tillit hjå forbrukaren viktig.Innlegg ved Brita Skallerud:
- TTIP forhandlingane mellom USA og EU.

Fjerne handelshindringar i marknaden. Fremje handel mellom EU og USA.

  - TTIP forhandlingar på grunn av nedgang i handel.
  - Uklart når forhandlingane er ferdige og kva innverknad det vil få for den norske marknaden.
- Artikkel 19 forhandlingane er i gang.
  - Regulere handel av jordbruksprodukt mellom Norge og EU, eksportkvotar mellom marknadane, importvern og anna.

- Volumproducentane er mest avhengige av importvern.
- Uklart når forhandlingane er ferdige.
- Regjeringa forhandle, lukka prosess.

Ordsifte: Tor Inge Eidesen støtta opp om innlegga.

### Lukka møte:

Det er årsmøteutsendingane, NB sine rep. skapsmedlemmar og tilsette på kontoret som deltek på denne type lukka møte. Brita Skallerud orienterte om moglege aksjonsplanar og aksjonsformer, både før jordbruksforhandlingane starte og aksjonar om det vert brot i forhandlingane. Lokallaga er klare.

Ola Andreas Byrkjedal oppmoda til samhald og at lokallaga la planar for aksjonar.

### Middag om kvelden

Time Bondelag vart utnemnd til årets lokallag for 2014. Time Bondelag går vidare til den nasjonale konkurransen om Årets Lokallag 2014, som vert utnemnd på Norges Bondelag sitt årsmøte.

Tidligare leiar i Rogaland Bondelag Arna Høyland takka for maten.

Det er tradisjon at ordstyrar er kveldens vert.

### Dag 2

Leiar i resolusjonskomiteen Kjell Andreas Heskestad la fram forslag frå årsmøte. Det er fire forslag som omhandle: utbygging E139 over Jæren, E134 på Haugalandet, støtte til pelsdyrhaldarane og ang krav om lausdrift frå 2024.

Følgjande hadde innlegg: Helene Serigstad Bødtker, Jakob J Eskeland, Per Inge Egeland, Sveinung Svebestad og Ola Andreas Byrkjedal.

Komiteen arbeider vidare med resolusjonane på bakgrunn i innspel frå årsmøtet.

### Sak 4:

#### Arbeidsplan for Rogaland 2015 - 2016

Styremedlem i fylkeslaget Jan Idar Haugen gjekk gjennom forslag til arbeidsplan, kom med utfyllande kommentarar på enkelte område.

a) Marit Epletveit frå Gjesdal Bondelag ønska inn i planen: Ta vare på dei tilsette. Gode folk må vi passe på.

*Ola Andreas Byrkjedal takke nestleiar i Norges Bondelag Brita Skallerud for god deltaking.*





- b) Inga Steinsland frå Bjoa Bondelag ønska inn i planen: Norsk mat på arrangement som Rogaland Bondelag arrangerer
- c) Judit Vikingstad frå Karmøy Bondelag: ønskjer ein oversikt på kva som er utført i gjeldande arbeidsplan

Ang

a: Samrøystes vedtatt.

b: Oversendt kontoret.

c: Det vert synt til årsmeldinga for 2014.

Ved endeleg avstemning: Arbeidsplanen for arbeidsåret 2015 – 2016 samrøystes godkjent.

### Sak 5: Budsjett for 2015

Org. sjef Olav Sande la fram for slag til budsjett for 2015. Enkelte budsjettpostar vart utfyllande kommentert.

Ved avstemning vart Budsjett for 2015 samrøystes godkjent.

### Orientering frå leiar i U-landsutvalet

**Elisabeth K. Nesheim**

Ho orienterte om U-landutvalet sin evalueringstur til Sambolabo i Kame-run. Prosjektet vert

godt motteke og arbeidet går etter planen med bygging av bruer, graving av brønningar, ulike motivasjonsgrupper blant kvinner og ungdom for berting av livsvilkår i området. Det var innsamling av pengar blant utsendingane og det kom inn kr 5578. Bra.

### Biogass i landbruket

– ny næring for husdyrbonden

Marknadsdirektør i Lyse Asbjørn Høivik hadde engasjert og opplysende innlegg. Etablering av pilotanlegg på Jæren med gjødsel frå gris er under planlegging. Han ønska kontakt med storfeprodusentar for bygging og utprøving av anlegg på bakgrunn i denne type gjødsel. God interesse.

### Sak 6: Val

Leiar i valnemnda la fram forslag frå valnemnda. Forslaga var einstemmige, med unnatak i eit styremedlem og 1. varamedlem til styret, ingen motkandidat.

Ved oppstilling av røysteføre var det 81 delegatar med stemmerett.

#### 1. Leiar for eit år:

Etter forslag frå valnemnda vart Ola Andreas Byrkjedal attvald som leiar med 79 stemmer, 1 stemme var blank.

#### 2. Val av to styremedlemmar for to år:

Forslag frå valnemnda.

**Representant frå Nord Rogaland:**

Jan Idar Haugen, Skjold Bondelag.



*Valnemnda: frå venstre; Svein Levik, Olav Dysjaland, Jørn Apeland, John Egil Frøystad, Sigbjørn A Hofsmo, Gaute Urdal, Sigmund Rangen, Sven Martin Håland*

Vart vald med 79 stemmer, 1 stemme var blank.

#### Representant frå Ryfylke:

Lisa Breiland, Finnøy Bondelag

Vart vald med 78 stemmer, 2 blanke stemmer

#### 3. Val av nestleiar til styret:

Forslag frå valnemnda:

Attval på Kjell Andreas Heskestad.

Vald med akklamasjon.

#### 4. Val av 3 varamedlemmar til styret.

Forslag frå valnemnda:

1. Arnstein Røyneberg, Sola Bondelag

2. Tor Inge Eidesen, Skåre Bondelag

3. Bente Gro M. Slettebø, Bjerkreim Bondelag

Vald med akklamasjon.

#### 5. Val av 5 utsendingar til årsmøte i Norges Bondelag for 2 år.

*Frå Nord- Rogaland:*

Jan Idar Haugen, Skjold Bondelag, attval.

*Frå Ryfylke:*

Gunleif Haukali, Forsand Bondelag, ny

*Frå Dalane:*

Bente Gro M. Slettebø, Bjerkreim Bondelag

*Frå Jæren:*

Torgeir Kinn, Stavanger Bondelag, ny

Åsbjørn Høyland, Nærbø Bondelag, ny.

Valde med akklamasjon.

#### 6. 11 varautsendinga til årsmøte i Norges Bondelag for 1 år.

1. Inga Steinsland, Bjoa Bondelag

2. Trond Skjefrås, Sokndal Bondelag

3. Guttorm Gudmestad, Rennesøy Bondelag

4. Lenita Salte, Varhaug Bondelag

5. Svein Levik, Forsand Bondelag

6. Jostein Sleveland, Helleland Bondelag

7. John Egil Frøystad, Skåre Bondelag

8. Geir Ingve Øglend, Sandnes Bondelag

9. Moten Dale, Karmøy Bondelag

10. Jon Tore Refve, Bore Bondelag

11. Olav Sande, organisasjonssjef.

Valde med akklamasjon.

#### 7. Ordstyrar og varaordstyrar for leiarmøte 2015 og årsmøte 2016.

Forslag frå valnemnda:

Ordstyrar:

Per Inge Egeland, Hjelmeland Bondelag, attval.

Varaordstyrar:

Ole Andreas Årslund, Varhaug Bondelag, ny

Valde med akklamasjon

#### 8. 4 medlemmar med vararepr. til valnemnda for årsmøte 2016.

#### 9. Forslag frå valnemnda:

*Frå Jæren:*

Sigmund Rangen, Varhaug Bondelag, attval.

Vara:

Jone Fosse, Time Bondelag, attval

*Frå Dalane:*

Stein Pettersen, Bjerkreim Bondelag, ny

Vara:

Vilhelm Hellern, Lund Bondelag, ny

*Frå Ryfylke:*

Olav Dysjaland, Rennesøy Bondelag, ny

Vara:

Ronny Kavli, Finnøy Bondelag, ny

### Frå Nord - Rogaland:

Jørn Apeland, Sandeid Bondelag, attval  
Vara:  
Kjell Thomas Kirketeig, Ølen Bonde-  
lag, attval.  
Valde med akklamasjon

### 10. Leiar og nestleiar i valnemnda:

Forslag frå valnemnda:

Leiar:

Sigmund Rangen, Varhaug Bondelag,  
attval

Nestleiar:

John Egil Frøystad, Skåre Bondelag,  
attval

Valde med akklamasjon.

### Resolusjonar

Leiar i Resolusjonskomiteen Kjell An-  
dreas Heskestad la fram forslag på 4  
resolusjonar:

### Vegutbygging:

#### Ei brikke for å bevare matkammeret

Viktige samferdselsårar , som E-39 og E-134, må leggest i trasear som i størst mogleg grad unngår å ta matjord. E-39 er den viktigaste vegen i Sør-Rogaland. Alternativ trase som er foreslått av Rune Gjedrem vil gå over store deler av Høg-Jæren og vidare mot Flekkefjord. På denne strekninga vil det også gå med dyrka jord, men i langt mindre grad enn å byggja ny motorveg langs nåverande E-39. Endå viktigare er det å sjå på kva ein eventuelt ny trase kan utgjera for å bevare matjorda på Jæren. Folk buset seg nærare ny veg, som då vil vera fjellgrunn.

Årsmøtet vil be sentrale vegmyndig-  
heter om å utrede ny trase for E-39, og  
bidra til at den pågåande utbygginga av  
E-134 foregår med matjord i tankene.

#### Kvifor rive gode fjøs?

Årsmøtet i Rogaland Bondelag vil at  
fristen for å utfase gode og velfunge-  
rande båsfjøs opphørrar. Mange av disse  
fjøsa er velholdte og ivaretar dyrevel-  
ferden. Målet om lausdrift oppnås ved  
et krav om at alle nye fjøs som bygges  
skal være lausdriftfjøs.

#### Pelsdyrnæringa – et gode

Årsmøtet i Rogaland Bondelag vil ha  
en fortsatt norsk pelsdyrnæring.

Norsk pelsdyrnæring er en lønnsom  
og bærekraftig produksjon som styrker  
verdiskapningen i landbruket.

#### Forskning og kunnskap gjer trygg mat

Rogaland Bondelag støtter opp om



Foto: Jon Lea.

NMBU Høyland og den rollen dei har  
i utdanning av dyrehelsepersonell, samt  
deira rolle innan forskning og utdanning  
av humanmedisinatarar gjennom prosjek-  
tet SEARCH (Sandnes Education and  
Research Center Høyland). Forsøks-  
garden spelar ein viktig rolle for dyre-  
og folkehelsa. Forsking og kunnskap  
gjer friske dyr og trygg mat.

Ved avstemning vart forslaga sam-  
røystes godkjente:

Per Inge Egeland orienterte om ar-  
beidet med prosjekt brannvarslings-  
anlegg som ikkje er i orden eller vert  
fråkopla på grunn av mange feilalar-  
mar.

#### Helsingar:

Leiar i Rogaland Bygdekvinne-  
lag May Sissel Nådland takka for godt samar-  
beid

Leiar i Norsvin Rogaland og med-  
lem prosjektgruppa Brannalarm takka  
for godt samarbeid. Han gav ein kort  
orientering om arbeidet i gruppa, er på  
rett spor for å betra funksjon på brann-  
varslingsanlegga.

Leiar i Rogaland Bondelag Ola An-  
dreas Byrkjedal takka for tilliten, gav  
følgjande helsing:

Media følgjer med oss, vi er interes-  
sante

Vi har stor verdiskaping i landbru-  
ket, og er viktige for samfunnet om-  
kring oss.

Kontakten med politikarane må vi  
halde trykk på.

Referent: Olav Sande

Møteleiar Per Inge Egeland

Judit Vikingstad

Åsbjørn Høyland

# Styret og utval i Rogaland Bondelag

## Styret:

Ola Andreas Byrkjedal  
Kjell Andreas Heskestad  
Sonja Herikstad Skårland  
Lisa Breiland  
Jan Idar Haugen  
Ann Elise Mæle (RBK)  
Elin Egeland Roda (RBU)  
1.v.m. Arnstein Røyneberg  
2.v.m. Tor Inge Eidesen  
3.v.m. Inga Steinsland

## Informasjonsutvalet:

Kjell Andreas Heskestad  
Bente Gro M. Slettebø  
Lisa Breiland  
Sigbjørn Andreas Hofsmo  
Svein Ståle Kolstø

## Grøntutvalet:

Håvard Skavland  
Ola Sunde  
Terje Pundsnes  
Odd Sele  
Arne Vagle, Jæren Forsøksr.

## Jordvernutvalet:

Gette Eidesen  
Torgeir Kinn  
Arnstein Røyneberg  
Erik Thoring, Naturvern.f.i Rog  
Hans Aarsland, Jordv.f. Rogaland

## Verveutvalet:

Geir Oluf Hareland  
Solveig Øie  
Kjell Andreas Heskestad

## U-landsutvalet:

Terje Øen, TINE M. Sør BA  
Synnøve Jørgensen, 4H  
Kari Rege Nilssen, RBK  
Ole Eriksen

## Samarbeidsutv.rb/gj.:

Ola Andreas Byrkjedal  
Kjell Andreas Heskestad  
Olav Sande  
Gjensidige Forsikring:  
Torbjørn Bø



Foto: Bondevennen.

## Æresmedlem i fylkeslaget:

Einar K Time Stavanger  
Bjarne A Undheim., Time  
Karl Brådli, Bjerkreim  
Svein Helge Harbo, Nærbø  
Signe Henriksen, Strand.

## Samarbeidsrådet:

Olav Røysland  
Askild Eggebø  
Ola Andreas Byrkjedal  
Per Inge Egeland  
Gabriel Joa  
1. v Morten Malmin  
2. v. Lodve Håland  
3. v Håvard Skavland

## Utsendingar til Norges Bondelag sitt årsmøte:

Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal  
Kjell Andreas Heskestad, Lund  
Jan Idar Haugen, Skjold  
Lisa Breiland, Finnøy  
Sonja Herikstad Skårland, Time  
Jan-Arild Anda, Klepp  
Arne Berge, Time  
Jarle Ravnås, Strand  
Inga Steinsland, Bjoa  
Marit Epletevit, Gjesdal  
Tor Inge Eidesen, Skåre  
Bente Gro M. Slettebø

I tillegg møtte Arnstein Røyneberg på årsmøtet som 1. vara til styret i Norges Bondelag.

# Næringspolitiske saker

Innspel til jordbruksforhandlingane 2015.....	10
Aksjonsdag på Øksnevad videregående skole.....	15
Årsmøta i lokallaga .....	15
Valmøte med fjoslokt i Vindafjord .....	16
Valgmøte med fylkestingskandidatene og bondelagets tillitsvalgte .....	16
Høyringer.....	17

## Innspel til jordbruksforhandlingane 2015

**1.** Landbruket i Rogaland er viktig for landet sin matproduksjon. Om lag 10 % av landets dyrka areal og om lag 30 % av innmarksbeita finn vi i Rogaland. Om lag 20 % av landet sin produksjon på grovforbaserte dyreslag og opp mot 30 % av dei kraftfôrbaserte produksjonane er i Rogaland. Kornproduksjonen i Rogaland er minimal, om lag 1 % av landet sin produksjon.

Godt stell av både innmarksbeite og utmarksbeite kan gje store grasavlingar. Ramevikåra må utformas på ein måte som gjer det interessant å nytta beita. I mange område er det samarbeid om beitedrift som bør stimuleras, både innan småfe og storfe.

Netto verdiskaping på primærleddet er vel 2 milliardar kroner, og sysselsett om lag 15 000 personar på primær og sekundærleddet, noko som er ca 6 % av tal sysselsette i fylket.

I område med stor husdyrtetthet, kan miljøutfordringane verta avgrensande for vidare vekst i matproduksjonen. Rogalandsbonden tek vassdirektiv og andre miljøutfordringar på ein framtidssrette og bærekraftig måte. Dette gjer ein med betre agronomisk drift, ta i bruk nye tekniske hjelpemiddel som til dømes separering av husdyrgjødsel for meir målretta bruk av husdyrgjødsel, biogassanlegg og miljøavtalar som har større miljøkrav til gardsdrift enn lovverket tilseie. Vi kan ikkje redusere matproduksjonen i produksjonsaktive område, ramevilkåra må tilretteleggjast for innovasjon på agronomiske og tekniske løysningar.

Rogaland Bondelag vil slå eit slag for kombinasjonsbruket. I vårt fylke er det

mange gardsbruk med avgrensa tilgang på jord- og beiteressursar. For å få ei inntekt som gjer at garden kan stå for hovudinntektskjelda må ein ha både grovfôr- og kraftfôrbaserte produksjonar. Strukturverkemidla må leggjast til rette for denne type. Då er ikkje auke i konsesjonsgrensar vegen å gå.

### **2. Pris**

I dag har vi målpris på følgjande produkt:

- Mjølke
- Gris
- Korn
- Grønnsaker

### **Mjølke:**

Mjølkeproduksjon er bærebjelken i landbruket for dei fleste fylka i landet. I Rogaland har mjølkeproduksjon ei netto verdiskaping i primærleddet på vel ein mrd, noko som utgjer over 50% av heile verdiskapinga i landbruket. Lønsemnda i denne produksjonen er viktig for matproduksjon i heile fylket. Målprisen har stige frå kr 3,82 i 2005 til kr 5,20 i 2015. Ein auke på kr 1,32 på 10 år. Mjølkeproduksjon er arbeidskrevjande og nyinvesteringar i denne produksjonen er kapitalkrevjande. Det er behov for store investeringar for å halde produksjonen oppe, og ut frå krav innan dyrevelferd.

Dette vil tilseie behov for auke i målpris ut over kostnadsutviklinga.

Vi ser at pris til mjølkeprodusent er pressa i EU landa. Etter det vert innført handelsblokkade av Russland og oppheving av mjølkekvotesystemet i EU vert det overproduksjon av mjølke og mjølkeprodukt i EU. Presset på

import av meieriprodukt er stort, vårt lands forbrukarar er kjøpesterke og presset på å få selja er stort. Det vert utfordrande å auke målprisen på mjølke ut over kostnadsutviklinga. Det vert til dømes importert store mengder yoghurt produsert på utanlands mjølke til landet, yoghurt importert utover kvote med full tollbelastning. Marknads-situasjonen for mjølkeprodukt i tida framover kan verta krevjande. For å halda oppe volumet i den norske mjølkeproduksjonen må ein vurdere tilpassingar i Prisutjamningsordninga slik at ein betrar konkurransemna på foredla meieriprodukt som t.d. yoghurt.

Styret i Rogaland Bondelag tilrår ei auke i målpris på mjølke på inntil 10 øre pr liter.

### **Gris:**

Svinenæringa har i fleire år slite med overproduksjon. Det har ikkje vore mogleg å ta ut målpris og avgifta til marknadsregulering har kosta dyrt for svinbonden. Kostnadsutviklinga i næringa har ikkje vorte kompensert, verken i prisuttak eller budsjettmidlar.

I løpet av 2014 og nå i 2015 har marknads-situasjonen for svin snudd, det er nå marknadsbalanse, målpris er innan rekkevidde og avgifta til marknadsregulering er betydelig lågare. I juli 2013 var avgifta til marknadsregulering på kr 2.10 pr kg på slakta gris og i januar 2015 var avgifta kr 0,70 pr kilo. Kostnadane med overproduksjon kosta dyrt, vel kr 4,- pr kg slakta gris. For å betra økonomien i griseproduksjonen meiner fylkestyret det er rom for å auka målprisen med kr 1,- pr kg. Vi forutset at næringa ikkje vert belasta med auke i kraftfôrprisen.



Foto: Øyvind Steinnes.

### **Storfe:**

Det er eit stort underskot av storfekjøtt, og det må ei storsatsing på auka produksjon for å dekke inn importbehovet. Verkemiddelet i jordbruksavtalen er blant anna kvalitetstilskot som vert utbetalt på storfe over 250 kg, klasse O og betre. Fylkeslaget tilrår at ein forsterkar desse verkemidla slik at ein stimulerer til høgare slaktevektar og betre kvalitet. Det må bli meir lønnsamt å fore fram store kvalitetsslakt. På kort sikt er dette den mest effektive måten å auka den norske produksjonen av storfekjøtt.

### **Korn:**

Kornproduksjonen er redusert her til lands, både i mengde og dekar. Det er ei alvorleg utvikling, trenden må snuast. Den såkalla "terrorbalansen", mest korn på austlandet/ trøndelag og mest gras/beite elles i landet må oppretthaldast.

Kornprodusenten må få betre lønnsamt. Fylkesstyret tilrår ein auke i målpris på korn.

Vidare vert det tilrådd å innføre eit nytt budsjettfinansiert kvalitetstilskot på korn, etter same prinsipp som til dømes er på storfe. Det er viktig med produktionsaktive tilskot, som stimulere til mengde og kvalitet.

Om målprisen på korn vert auka vil kostnadssida i kraftfôrbaserte produksjonar få ei for stor auke. Ein auke i kraftfôrpris må kompensast med prisnedskrivning.

### **Grønt:**

Grøntprodusentenes samarbeidsråd (GPS) er eit samarbeidsråd for produsentar innan grøntnæringa. GPS skal arbeide med produktionsplanlegging, marknadstilpassing, kvalitet og pris. Grøntnæringa er ikkje med i marknadsreguleringsordninga, GPS er eit viktig styringsorgan for næringa. Medlemskap i GPS er frivillig.

Det er målpris på dei fleste grønnsaker som vert produsert her til lands. Fylkeslaget går ut frå grøntutvalet si tilråding på ein auke i målpris på gjennomsnitt 5%. Fordeling på produkt vil skje i drøftingar mellom faglag og landbruksdirektorat.

### **3. Budsjettoverføringar**

I dei siste jordbruksoppgjera har det vore svært vanskeleg å få tatt ut budsjettmidlar. Krav om målprisauke har faglag fått gjennomslag for, det er landbruket sjølve som er ansvarleg for å få tatt ut målpris i marknaden. Vi har vi eit høgt kostnads- og lønnsnivå samanlikna med andre land i Europa, (som ikkje er på grunn av landbruket). Sjølve med fullt innslag på toll vil importerte vare konkurrera med våre produkt som skal vera beskytta med ein for importvern. For å styrka inntektsgrunnlaget på gardsbruka må budsjettoverføringane aukast.

### **Prioriteringar:**

Som omtalt tidligare i brevet, dei fleste produksjonane i landbruket er kapitalkrevjande. Likevel er dei økonomisk gunstigare å mekanisera/ ta i bruk ny teknologi enn større arbeidsmengde med fleire tilsette på bruka. Lønnsnivået i vårt land er på topp i europeisk samanheng. Å starte som bonde/ overta gardsbruk krev i dei fleste høve store investeringar.

- **Investeringstilskot og rentetilskot** er viktige ramevilkår for investering i landbruket. Det må ikkje løyvas tilskot /rentetilskot til kraftfôrbaserte produksjonar, og må gjelde heile landet. Ulike ramevilkår for innkjøp av til dømes kraftfôr må jamnast ut med frakttilskot og gradering av produksjonstilskot.

- Kravet om lausdrift i mjølkeproduksjon vert innført i 2024. Ut frå kravet i forskrifta må det utarbeidast ein investeringsplan med langsiktige ramevilkår for nyinvestering innafor storfehold.

- **Velferdsordningane** er særskilt viktige for rekruttering til næringa. Beløpet til sjukdomsavløyning må hevjast frå kr 1750,- pr dag til 2000,- pr dag. Maksimumsbeløpet for avløyartilskot bør hevjast til kr 100 000,-. Krav om dokumentasjon må vidareførast.

- **Frakttilskot**

- Dei ulike støtteordningane innan frakt i landbruk, som også omfatte grøntsektoren og pelsdyrnæringa, er viktige for utlikning av fraktkostnader.
- Ordningane med fraktstøtte bør aukast i takt med prisutviklinga.
- Stadfraktsordninga (frakttilskot) er avgjerande for like transportvilkår for eit landbruk i heile landet.

- **Auka produksjon**

For å få ein auka i matproduksjonen på norske ressursar må det stimulerast til større bruk av beiteressursane. Satsane pr dyr både på utmarks- og innmarksbeite må styrkast. Satsane på arealtilskot, her er det ikkje behov for endringar. Arealtilskot er eit passivt tilskot som ikkje stimulere til auka matproduksjon.

I dag vert det importert store mengder soya som proteinråstoff til bruk i kraftfôr. Det bør settast inn FOU midlar for utvikling av proteinhaldige vekstar meir ytesterke og proteinrike korn- og grassortar, samt forskast på alternative proteinvekstar i vårt land. Samarbeid med havbruk er viktig.

- **Innretting av verkemiddel**

Verkemiddel må i hovudsak ha ei innretting som stimulere til matproduksjon. Matproduksjon i heile landet krev ulike sett med verkemiddel for å utlikne forskjellar i klima og geografi. Å fremje matproduksjon som hovudinntektskjelde må liggje til grunn, verkemiddel som vert sett inn må fremje både volum og kvalitet.

For å auke norsk kjøtproduksjon bør minimum slaktevekt på storfe aukast for å ta del i kvalitetstilskotet. Ein bør stimulera til høgare vektor på storfeslakt.

For å styrkja kornøkonomien må det innførast eit nytt kvalitetstilskot. Innretninga må vera slik at det er lønsamt med volum og kvalitet. Ein styrka kvalitetsbetaling må gå over budsjettmidlar.

- **Struktur/utflating**

I vårt fylke er ingen lokallag som ønskjer ei større utflating av verkemidla.

Matproduksjon i heila fylket krev struktur- og distriktswerkemiddel for å utlikne både geografiske og klimamessige forhold. Bondelaget bør ikkje forsterka strukturutflatinga på tilskota som vart gjort i sist jordbruksoppgjer.

- **Innretning av verkemidla i forhold til distrikt**

Fraktordningane er grunnleggjande ramevilkår for landbruk i heila landet, som og gjeld for grønsaksproduksjon og pelsdyrhold.

Beiteressursane ligg stort sett i distrikt Norge. Å stimulere til bruk av beite og økonomiske ramevilkår som gjer det interessant å nytte beita er god distriktspolitikk.

## 2 Forenkling

- Teljedato for sau og lam må endrast i tid, til dømes til søknadsomgang 20. august med teljedato 1. juni, vi får då teljas med alle produktive dyr.
- Grøftetilskot må få ein enklare søknadsprosedyre, avkryssing på søknad om produksjonstilskot at det er grøfta.
- Driftstilskot mjølk, minimum 5 kyr. Spørsmål om legitimitet på ordninga.
- Kva tilskotsordningar ein bør prioritert lågt.
- Samordne RMP og SMIL ordninga i eit regime, regional styring av meny og midlar.

## 3 Miljø- og klimavirkemidler (bl.a RMP og SMIL)

- Grøftetilskot, i dag kr 1000,- pr da, eller kr 15,- pr meter inntil kr 1000,- pr da.

Ulike kostnader om det vert nytta gravehjul eller gravemaskin.

Om lag 25% av kostnaden refundert ved bruk av grøftehjul.

Om lag 10% av kostnadane vert refundert ved bruk av gravemaskin.

Satsane må avspeгла utgiftene på dei ulike maskintypene.

- Biogassproduksjon på gardsnivå er ein del av løysninga på klimautfordringane i landbruket. Teknologi og utstyr som er tilpassa norske forhold er i ferd med å bli utvikla. Støtteinnretting må ikkje bindast opp i spesielle tekniske løysingar. Det er behov for FAU midlar til vidareutvikling av bruk og vidareforedling av biogass. Separering av gjødsel i fast og flytande del kan vera aktuelt for betre utnytting av husdyrgjødsel. Produksjonsavhengige støtteordningar ut frå levert energi er å føretrekka.



Foto: Tore Ausdal.

- Ein stor og aukande del av protein-behovet i norsk husdyrproduksjon vert importert som soya. Ein bør stilla spørsmål om det er ei berekraftig utvikling. Landbruket saman med oppdrettsnæringa på fisk må intensivera FAU arbeidet med norskproduserte vekstar, på land eller sjø, som kan erstatta deler av importbehovet av proteinkjelder.
- I staden for dyrkingsforbod av myr ut frå klimamessige grunnar bør ein heller sjå på ulike dyrkingsmetodar som avgrense utslepp av klimagassar, om myra er dyrka opp eller ikkje. Midlar til organisert beitebruk, utmark og lokalt utmarksbeite innan storfe/småfe.

#### 4. Økologisk landbruk

Etterspørsel etter økologisk produserte jordbruksprodukt skal dekkast opp med norskproduserte vare innanfor det som er naturleg å dyrka her til lands. Ekstrakostnadane med økologisk drift skal koma frå marknaden med høgare pris på levert vare.

#### 5. Rekruttering og velferd

- Det beste rekrutteringsmiddel til landbruket er lønnsemd i produksjonen og muligheter for inntekt på line med andre yrkesgrupper.
- Investeringsmidlar målretta ved generasjonsskifte.
- Gardssparing for ungdom bør etablerast og ha same prinsipp som bustadsparing for ungdom.
- **Auke i avløyartilskot.**  
Satsane på avløyartilskot har ikkje auka i takt med lønsauken. Total rame for avløyartilskot bør hevjast til kr 100 000,-, grensa for sjukdomsavløyning bør hevjast til kr 2000,- pr dag. Satsane til sjukdomsavløyning bør prioriterast.

#### 6. Investeringer og kapitaltilgang

- Ordningane med investeringstilskot, rentetilskot og risikolån gjennom Innovasjon Norge må vidareførast. Nye krav ut frå forskrifter og ut frå strukturrasjonalisering, behov for nye byggingar og teknologiske løysingar held fram.
- Fylkeslaget ber om at det vert tatt med krav om ein investeringspakke for landbruket. Ein investeringspakke må også gjelde frukt- og grøntnæringa. Ramevilkåra må vera kjente og langsiktige.



Foto: Solveig Øie.

#### 7. Mjøl (ku og geit)

- **Dagens kvoteordning bør ikkje endras.**  
Kvotetak på 900 tusen liter mjøl pr foretak bør ligge fast. Staten bør disponere ein prosent% del ved sal av kvote. Om marknadssituasjonen skulle endra seg kan det vera ein fordel at staten i samarbeid med faglagane kan trekke inn kvote frå marknaden.
- **Nye omsetningsregionar for mjøl.**  
I dag følgjer kvoteregionane på mjøl fylkesgrensene. Rogaland fylke bør vidareførast som ein mjølkeregion. Fylka både sør og nord for Rogaland er innan produksjonsmiljø og storleik svakare enn Rogaland. Dei fleste lokallaga meiner det vil skje ei større sentralisering av mjølkeproduksjonen på sentrale område i Rogaland dersom regionen vert utvida. Det er større fare for kvoteskyving ut av distrikta, produksjonsmiljøa forvitte og matproduksjonen vert redusert.

#### 10. Kjøtt og egg

- **Eggproduksjon**  
Det er for tida overproduksjon av egg. Bygningsmassen innan eggproduksjon er forholdsvis ny etter tilpassinga frå forskrift om hold av fjørfe. Ein kan difor ikkje rekne med avskalling innan eggproduksjon. Utfordringa er at det nå vert planlagt nye fjørfebygg for eggproduksjon. Om bygningane kjem opp og vert sett i produksjon vil tilbodet av egg verta svært høg i forhold til avsetning. Det vil resultere utkjøp av produksjon og

store innbetalingar til marknadsreguleringsordninga.

Det er ikkje rom for ein auke i konsesjonsgrensene på egg.

#### • Kjøttproduksjon

Store mengder kjøtt vert importert til landet. Norsk produksjon av storfekjøtt og lam er for liten og importen er på omlag 8000 tonn storfekjøtt, kvoteimport til landet er ikkje medrekna. Av lam vert det importert om lag 1500 tonn, kvoteimport ikkje medrekna. Det er store beiteressursar som kan bli tatt i bruk, område som i dag ikkje er i optimal bruk. Stimulering av beitetilskot, kvalitetsbetaling på slakt, høgare slaktevekter bør vera tiltak for å redusere importen og behalde verdiskapinga i landet. Beitebruk bør prioriterast i jordbruksforhandlingane 2015.

#### 11. Grønsaker, frukt og potet

Grøntutvalet i Rogaland Bondelag vil prioritera følgjande:

- Eit fortsatt sterkt tollvern er viktig for heile den grønne sektoren.
- Regelverket for import- og tollregime må utnyttast til fordel for norsk produksjon av frukt og grønnsaker.
- Auke i øvre prisgrense for agurk og tomat. Øvre prisgrense er i dag 12% over målpris, grøntutvalet tilrår at denne grensa vert hevja til 20% for avgrensa periode i vekstsesongen.
- Det må utarbeidast regelverk som hindre import av grønnsaker til dumpingprisar.

- Gartnarar/ bruk som hente hovud- delen av inntekta si frå produksjonen må prioriterast.

### 12. Korn

Ein stor kornproduksjon i landet er av- gjerande for bærekraftig nasjonal mat- produksjon. Kornproduksjon er viktig for gjeldande kanaliseringpolitikk, dei klimatiske forholda for kornproduksjon ligg blant anna til grunn for ordninga. Lønsemda innan kornproduksjon bør styrkast, med auke i målpris, eit nytt kval- itetstilskot og slik at det løne seg å pro- dusera mengde av god kvalitet. Om lag 70 – 80% av norsk kornproduksjon vert nyt- ta i kraftfôr for nasjonal bruk. Kveite og rug til brød er avhengig av god kvalitet og varierer ut frå dei årlege vekstforholda. Ein auke i målpris på korn må kompen- serast med prisnedskrivning.

### 13. Erstatningsordningar

I biologiske produksjonar kan uøn- ska hendingar på grunn av uforut- sette klimatiske hendingar førekoma. Naturskadeloven med tilhøyrande for- skrifter er som grunnlag i erstatning.

Maksimalt erstatnings beløp innan jordbruk, frukt og gartneri er kr 750 000,-. pr føretak. Spesielt innan grønt og frukt er verdiane pr da store. Eit maksimumsbeløp på kr 750 000,- vert i dei fleste høve for lite om naturen slo seg vrang og avling vart øydelagt.

Det vert forventa individuell be- handling ver hendingar som gir erstat- ning. Maksimalbeløpet på kr 750 000,- pr føretak må aukast monaleg.

### 14. Skatt/avgift/avskrivningar/fond

- Desse områda er viktige for ramevil- kåra for å ta ut inntektsmuligheiter i landbruket.
- Jordbruksfrådraget bør ikkje aukast, vi må forhandle opp inntektsmuligheita for bonden ut frå produksjon og kvalitet.
- Der bør vera skattefritak for sal av jord til fortsatt jordbruksføremål/ matproduksjon.
- Ein form for investeringsfond i land- bruket. Til dømes etter modell frå skogbruket.

### 15. Anna Pelsdyr

Ei grundig offentlig utgreiing slår fast at dagens pelsdyrproduksjon er bære- kraftig og er innafør kravet om god dyrevelferd. Det er politisk usemje om denne produksjonen, difor må ein alltid



Styremedlemmane Sonja Herikstad Skårland og Lisa Breiland på besøk i minkfarm. Styreleiar i Norsk pelsdyravslag, Bertran Trane Skadsem, følgjer godt med.

vera open på forbetringar på til dømes dyrevelferd. Pelsdyrproduksjon i vårt land er og ei stor distriktsnæring. Pels- dyrnæringa tek i si fôrproduksjon imot store mengder slakteavfall både frå dyr og fisk. Fôrproduksjonen er sentralisert og produsentar er avhengig av ramevil- kår som ikkje vert endra slik som pris på skinn kan gjer. Etablert fraktordning for fôr til pelsdyr må oppretthaldast.

### Kompetanse

- Kompetanse innan agronomi, hus- dyrfag, økonomi, driftsleiing og HMS er grunnleggjande for god inn- tekt og trygg arbeidsplass på dei aller fleste gardsbruk.

Vidaregåande skule innan natur- fag, fagskule, høgskule og universitet er etablerte utdanningsinstitusjonar. Private skular/høgskular innan for- sking, utdanning og kompetansebyg- ging må få langsiktige bærekraftige ramevilkår.

- Rogaland Bondelag går inn for eta- blering av fagbrev i landbruket.

### Importvern

Norge er eit høgkostland, noko som gjer at norsk produksjon ikkje kan kon- kurrera med import frå dei fleste land omkring oss i Europa.

Å løyse opp på importvernet vil få uana konsekvensar for produksjon og lønnsemd i norsk matproduksjon. Det gjeld alle produkt innan landbruks- og grønsakproduksjon.



# Aksjonsdag på Øksnevad videregående skole

Rogaland Bondelag hadde aksjon sammen med Jærkokken Heine Grov på Øksnevad videregående skole. Aksjonen var i forbindelse med Norges Bondelags aksjonsdag. Vi dro ned til Øksnevad videregående skole for å skape litt blest om jordbruksutdanningen. Målet var å være med på å skape stolthet til både vordende bønder på skolen og elever som på annen måte er tilknyttet jordbruket.

Aksjonen samlet vel over 200 elever og lærere til bondequiz og snitter lagd av Jærkokken Heine Grov - hvor så å si alle ingrediensene hadde lokal forankring. Elever og lærere spiste seg gode og mette, og var fornøyd med arrangementet.



*Elevar på Øksnevad vgs fekk servert god norsk mat.*

## Årsmøta i lokallaga

Dei aller fleste lokallaga hadde sine årsmøte før 1. november som er fastsett i vedtektene for Norges Bondelag.

Som tidligare år ønskjer fylkeslaget å delta på årsmøta i lokallaga i fylket. Det er for å få treffa medlemmar og tillitsvalde i lokallaga. Det er viktig for fylkeslaget å få tilbakemelding på saker som ein bør vera opptekne av og ein får eit innblikk i mange store og viktige aktivitetar som lokallaga utføre. Aktivitetane i lokallaga variere, nokre lag er aktive innan politisk arbeid og betring av ramevilkår, andre lag ser sin funksjon som ein sosial møteplass for medlemmane. Lokallaga legg opp sitt arbeid ut frå sine ressursar og alle lag er viktige for lokalmiljøet. Stemninga på årsmøta var god, gode diskusjonar godt humør og godt samhald. Fleire lokallag har utfordring med å få tak i ny lokallagsleiar der det er nyval på leiar. Å få styremedlemmer til styra går greitt. Viktig for lokale valnemnder å få starta tidlig med sitt arbeid. Vi har 41 lokallag i fylket, 10 lokallag fekk ny leiar. Om kvart styre har 5 medlemmar, + andre utval i lokallaga, då har vi over 200 tillitsvalde for bondelaget i fylket.

For ein ressurs!

*Foto: Gunhild Fuglestad.*



# Valmøte med fjoslokt i Vindafjord

Toppkandidatar til fylkestingvalet i Rogaland var samla til valmøte tysdag 25. august. Frå dei ulike partia møtte Jarle Nilsen (Ap), Arne Bergsvåg (Sp), Vidar Samland (Sv), Svein Abrahamsen (V), Solveig E Tengesdal (Krf), Per Fatland (H) og Terje Halleland (Frp).

Alle lokallaga i Nord-Rogaland var godt representert. I tillegg møtte fleire lokalpolitikarar, leiiga frå området to slakterier og representant frå transportnæringa. Til saman vart 40 personar samla, først til ein liten runde i fjosen, før det vart mat og innlegg på fjosloftet hjå Kari Synnøve og Jan Idar Haugen i Skjold.

Det vart fleire innlegg frå Jan Idar Haugen, styremedlem i Rogaland Bondelag, lokallagsleiar Johannes Vestbø i Sandeid, Andreas Lundegård, Leif Malvin Knutsen frå Fatland og Britt Randi Stokkevåg frå Nortura Sandeid. Sentrale tema vart verdiskaping, trygg mat, råvaretilgang, kvalitetsmat, tollvern, verdiskaping, deltidsbruk, ulike



strategiar for å møte framtida, samfunnsnytte og samferdsel.

Kvelden vart avslutta med debatt mellom partia, der dei vart utfordra på distriktsjordbruk, stordrift kontra smådrift, kjedemakt, utdanning, jordvern, inntekstutvikling.

# Valgmøte med fylkestingskandidatene og bondelagets tillitsvalgte

Frå dei ulike partia møtte Marianne Chesak (Ap), Arne Bergsvåg (Sp), Heidi Bjerga (Sv), Anja Endresen (V), Solveig E Tengesdal (Krf), Elin Schanche (H), Pål Morten Borgli (Frp) og Torfinn Ingeborgrud.

8 politikere fra samtlige partier som stiller til fylkestinget møtte, og 26 interesserte bondelagsmedlemmer møtte opp på gården til Torgeir Kinn, leder i Stavanger Bondelag, for å diskutere jordvern.

Møtet startet med besøk i fjøset før det ble åpnet for innlegg fra politikerne og debatt. Tor Inge Eidesen var møteleder. Hele møtet varte i over to timer, men fremdeles var det flere ubesvarte spørsmål fra salen, og tema politikerne ønsket å ta opp. Det sentrale temaet var jordvern, og hvordan sikre matproduksjon for fremtiden. Blant løsningene som ble tatt opp var langsiktige og faste grenser for utvikling, fortetting i bynære strøk, nasjonalt lovverk, næringspolitisk plan for jordbruket og jordflytting.

*Pål Morten Borgli frp på besøk i fjøset til Torgeir Kinn.*



# Beredskapsplan for Rogaland Bondelag

*Dette er et utdrag av Rogaland Bondelags beredskapsplan.*

Alle ansatte og tillitsvalgte i Rogaland Bondelag har et individuelt ansvar for å melde fra om saker som kan utvikle seg til en krise. Dette kan være saker internt i organisasjonen, saker som angår våre medlemmer eller saker som har en så stor berøringsgrad med Bondelagets aktiviteter eller politiske område, at vi vil bli involvert. Dette kan være saker av informasjonsmessig, organisatorisk eller faglig karakter. Sakene skal meldes fra til organisasjonssjef, fylkesleder eller deres stedfortreder.

En krise er en større, alvorlig og uheldig hendelse som bringer med seg problemer som ikke kan løses gjennom normal organisering og handlekraft.

Det er leder og organisasjonssjef som definerer en situasjon som krise. Mindre hendelser som ikke faller under kategorien krise kan og håndteres ut ifra samme rolle og ansvarsfordeling som beskrevet i denne planen.

*I de aller fleste kriser har ikke bondelaget sakseierskap, og vårt arbeid rettes deretter.* Det er i første omgang de ansvarlige myndigheter som har ansvaret for å "løse" krisen.

### **Prioriteringer for Rogaland Bondelag:**

- Ivareta bonden og familien, og gi bistand til den som er rammet.
- Samarbeide med andre faginnstanter og med sakseier.
- Svare på spørsmål fra media – men husk hvem som eier krisen.

Disse prioriteringene oppnås først og fremst via informasjonssamling, informasjonsdistribuering, og kontakt med de berørte.

### **Sentrale punkter når krisen inntreffer**

- Dokumentasjon
- Vær tilgjengelig, varmestue for rammede personer
- Avklare hvem som er berørt, hvem som eier krisen, og ta kontakt med sentrale aktører.
- Innhente og spre nødvendig informasjon
- Gi uttale på Bondelagets vegne til media
- Oppfølg de involverte personene

## Krav om lausdrift frå 2014 – høyringsnotat til fylkeslaga

Norges Bondelag gjennomførte ein høyringsrunde i fylkeslaga før styret i Noregs Bondelag handsama saka.

Styret i Rogaland Bondelag ga følgjande uttale i samband med høyringa på Lausdriftskravet 2024:

Kravet om lausdrift 2024 må opphevast, med følgjande:

- Alle nybygg må få krav om lausdrift.
- Eksisterande båsfjøs får fortsette som godkjent driftsbygning for storfe.
- Det vert krav om lausdrift ved ombygging/utviding av drifta. Båsfjøs vil med dette få ein naturleg utfasing.
- Krav om lausdrift vil få store konsekvensar får mindre bruk med kombinert produksjon.

Dette vil i all hovudsak gå ut over distriktslandbruket i fylket, der arealressursane er avgrensa og avstandane store.

- Krav om lausdrift i 2024 vil gje store strukturelle endringar i norsk mjølkeproduksjon.
- Dyrevelferd i fjøs ombygde til lausdrift er i fleire høve dårlegare enn i båsfjøs.

For å oppretthalde produksjonsfordelinga i mjølkeproduksjonen er det naudsynt:

- Å vidareføre dagens kanaliseringspolitik.
- Midlar til investeringsstøtte må hevjast.
  - Partnerskapen i fylka må prioriterast ein målretta bruk av midlane.
- Mjølkekvoteordninga må vidareførast.

Korleis sikre vi at driftseiningane i mjølkeproduksjonen er tilpassa ressursgrunnlaget framover?

- Behalde distrikts- og strukturprofil på tilskott.
- Ordninga med mjølkekvote og fylkesvise regionar for sal og utleige av kvote må organiserast innan fylka.
- Beite må prioriterast som fôrressurs.

Kva tiltak vil være mest effektive for å auke takten på omlegging til lausdrift?

- Auke rama for investeringstilskott.
- Oppretthalde krav om lausdrift innan 2024, vert på det sterkaste frårådd.
- Målretta bruk av IBU-midlane, å redusere kapitalkostnadane er viktig for å oppnå lønsemd for mindre mjølkeprodusentar.

# Regionalt tiltaksprogram for Vassregion Rogaland 2016 – 2021. Høyring

*Regionalt tiltaksprogram vart stadfesta i fylkestinget sitt møte, desember 2015.*

Regional planen er utarbeida basert på innspel fra sektormyndighetene. Planen er sektorovergripande og skal bidra til å styra og samordna både vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. I regional planen er det sett miljømål som har til hensikt å sikre helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vassførekomstane i vassregionen.

Rogaland Bondelag si uttale gjeld påverknadar frå landbruket, og tilrår at ein bygge vidare på eksisterande tiltak:

Det er viktig at landbruksnæringa vert involvert når lokale tiltaksplanar skal utarbeidas. Tiltak som vert sett i verk skal vera fagleg forankra. Økonomiske konsekvensar for landbruksnæringa og konsekvensar for matproduksjonen skal føreligge før tiltak vert sett i verk.

- Informasjons- og motivasjonstiltak i landbrukssektoren
- Frivillige tiltak i landbruket, eit prosjekt med tilsette i område der avrenning frå landbruket er eit avklart problem for miljøtilstanden i vassdraga. Bekkelagsorganisering kan vera fornuftig.
- Bekkelag/grunneigarar må involverast i utarbeiding av aktuelle tiltaksplanar.
- Bygge renseparkar der forholda ligg til rette for slike anlegg. Må følgjast opp med uttak av botnslam.
- Ugjødsla kantsoner langs vassdrag. Breidde på sone ut frå produksjon.
- Kantsoner med vegetasjon, trær og busk, langs vassdrag.
- Miljøavtalar.
  - Ikkje spreieing av husdyrgjødsel etter 1. september.
  - Regelmessige jordprøve.
  - Fastsetje innhald av næringsinnhald i husdyrgjødsel på garden.
  - Ikkje over 3kg P årleg pr da ved PHA-L tal over 7, balansejødsling.
  - Andre lokale ordningar.
- God agronomi, kompetansebygging.
- Finansiering med midlar frå RMP og SMIL ordninga.
- Kunnskapsbygging
  - Kartlegging av landbruksavrenning.
  - Effekt av tiltak.



Foto: Bondevennen.

- Andre forhold som må innarbeidas i plandokumenta:
    - Matproduksjon er ei samfunnsoppgåve. Det er ikkje mogleg å produsera mat utan at det skjer tap av næringsstoffa, men vårt mål er å redusere avrenninga til akseptable nivå.
    - Konsekvensar for matproduksjon i forhold til tiltak og måloppnåing må utgreiast i samband med utarbeiding av tiltaksplanar.
    - Sterkt næringsbelasta vassdrag må få frist til andre eller tredje planperiode for måloppnåing. Det ut frå kunnskap om dagens næringsbelastning og botnsedimentering frå tidligare næringsstoffutslepp.
    - Sterkt modifiserte vassdrag. Det er vassdrag med fysiske inngrep. Vasskraft kjem inn i denne kategorien. For landbruket må vassdrag som er lagt i røyr eller steinsette koma inn under denne kategorien. God økologisk tilstand på vatnet må ein kunne forventa oppnå i siste planperiode.
  - Det er utarbeida nasjonale parameter for klassifisering av vassdrag. I vassdrag med høg næringsbelastning, og ein ser at for å oppnå god miljøstandar vil gje store uønska resultat, bør ein akseptere lågare krav til god miljøstandard enn det som nasjonale kriterier tilseie i dag.
  - Det må løyvast midlar til overvaking av vassdrag for å kvalitetssikre tiltak og måloppnåing i vassdrag med tiltak.
  - Det må løyvast midlar til fagleg god/rett klassifisering av vassdrag
- Tiltak og føresegner må vera i bakgrunn i jordlova § 11. Dispensasjon i forureiningslova §8 for vanleg forureining frå landbruk, skog og fiske må liggas fast.

# Lokallaga si tilknytning til regionale næringsforeiningar

Næringsforeiningane i Rogaland er fora kor man kan komme i møte med andre næringar og interessegrupper. De arrangerer møter og debatter om aktuelle saker som er av interesse for sine medlemmer, og har som mål å

bidra til å utvikle næringslivet i regionen.

Rogaland Bondelag har meldt seg inn i Hagesundsregionens næringsforeining som organisasjonsmedlem, og interesserte lokallag i regionen kan

være med i medlemsordninga. Rogaland Bondelag er frå tidligare av medlem i Stavangerregionens næringsforeining, kor det er ope for lokallaga å verte medlem.

## Evaluering av marknadsbalansering i jordbruket: Høyring

Styret i Rogaland Bondelag hadde saka til handsaming på sitt møte den 10. september 2015 og kom med følgjande uttale:

For matproduksjon i heile landet er ein avhenging av langsiktige og forutsigbare ramevilkår.

Marknadsbalansering er eit avgjerande verkemiddel for å oppnå dette.

Det er samvirkebedriftene i landbruket som er sett til å effektivisere store deler av jordbruksavtalen og eit tiltak er å administrere ordninga med marknadsbalansering.

Styret vil i sin uttale presisere at det viktig med openheit, legitimitet og tillit omkring administrering av ordninga. Marknadsordninga er først og fremst til for bonden. Vi oppmodar derfor faglaga og dei ulike varemottakarane, samvirke og private, til løysingsorientert dialog for å finna fram til eit felles standpunkt til bondens beste. Forslaga i forenklingalternativet er gode bidrag i så måte.

### Viktige stabbesteinar er:

#### • Jordbruksforhandlingane

- Ramevilkår for inntektsmoglegheit til bonden.
- Marknad og målpris har vorte viktigare grunna meir på pris og mindre budsjettmidlar.

#### • Målpris

- Målpris er ikkje garantert pris på produkt.
- Uttak av målpris føreset ein marknad i balanse. Ein må derfor sikre at systemet fangar opp prismotstand i marknaden så tidlig som mogleg.

- Skal i størst mogleg grad gje bonden stabile og avtalte prisar på produkt noko som er avgjerande for å oppnå inntektsmålet i jordbruksavtalen.

#### • Marknadsbalansering

- Er avgjerande for at bonden kan ha stabil produksjon og inntekt. Viktigare med stabil inntekt gjennom året enn moglegheita til å utnytte eit sug i marknaden og høgare pris i avgrensa tid på året.
- God og stabil råvaretilgang, stabil og forutsigbare prisar er viktig for industrien.
- Sikrar lik pris til bønder i heile landet
- Det er bonden som gjennom omsetningsavgift finansierer marknadsbalanseringa. Måloppnåing og kostnadseffektivitet er viktig
- Ordninga må ha openheit, legitimitet og tillit i heile næringskjeda for det arbeid som marknadsregulator utfører, som til dømes prognosearbeid, tiltak for regulering og prissetting.
- Må ikkje vatne ut effekten av marknadsbalansering for bonden.

#### • Mottakspått, ein del av marknadsbalanseringa

- Er avgjerande for matproduksjon i heile landet
- Ordninga kan verta utfordra ved langvarig overskotsproduksjon for produksjonar med fri etablering.



Foto: Bondevennen.

# Fordeling av investeringsmidlar

Rogaland Bondelag er med i ”partnarskapen” som diskuterer og kjem med innspel til fylkesmannen som utarbeide eit oppdragsbrev til Innovasjon Norge Rogaland. Deltakerne i partnarskapen er Rogaland Bondelag, småbrukarlaget, fylkeskommunen, fylkesmannen og Innovasjon Norge Rogaland. Vi vert lytta til i dette utvalet. Fylkesmannen har det avgjerande ordet i partnarskapen.

Investeringsbehovet i landbruket, mjølk spesielt, vil få stor merksemd framover, spesielt når kravet om lausdrift kjem i 2024. Sjølve om det er 8-9 år til det skjer vil det påverke motivasjonen til å fortsette mjølkeproduksjonen framover. Vi må allreie nå tenke på korleis vi skal nytte midlane på ein best måte. Vi ønskjer matproduksjon i heile fylket, og må leggje opp strategiar som gjer at mjølkeproduksjonen og vert oppretthalden i heile fylket. Investeringstiltak i landbruket er også viktig for vidare utbygging i landbruket både i distrikta og sentrale Jæren.

Bedriftsretta midlar til investering og utvikling i landbruket vert fastsett i jordbruksforhandlingane. Nasjonal sats for 2015 er kr 528 mill. Satsen for 2016 er på kr 548 mill. Av dette får Rogaland ca kr 40 mill. Årsaka til påplussinga på kr 20 mill er kompensasjon for bortfall av rentestøtte.

I april måned var det stopp med å ta inn nye søknader om investeringstilskot i landbruket. Med dei søknadane som låg inne var heile potten med tildelte midlar for 2015 disponert.

Det gjer mange bønder som vil investere i nybygg usikre.

## Bruken av investeringsmidlane i Rogaland:

- I vårt fylke vert det ikkje gitt tiskot til kraftfôrbaserte produksjonar.
- Tilskot skal vera utløysande for at tiltaket vert realisert.
- Det aller meste av investeringsverkemidla går til storfe og småfe.
- I vårt fylke er det semje om ei regional fordeling av potten. Distrikta skal prio-

riterast og 70% av midlane skal nyttas utanom dei sentrale områda på Jæren.

- Miljøtiltak skal prioriterast.

## Styret sine prioriteringar er:

Prioritere mjølkeproduksjon på sentrale Jæren:

- Tilskot ut frå utløysande effekt, gjeldsgrad må leggjest i botn.
- Investeringstilskot til ombygging frå mjølkegrav til mjølkerobot skal ikkje prioriterast.
- Investeringstilskot til sau og ammeku på sentral Jæren skal ikkje prioriterast.
- Miljøtiltak som til dømes investeringstilskot til gjødselkommar vert avventa til ny forskrift som omhandle handtering av husdyrgjødsel.

I dei andre regionane i fylket vil eksisterande praksis for tildeling av investeringsstøtte vidareførast. Tildelingsbrevet som fylkesmannen utarbeida var eit omforent brev frå partnarskapen.

## Din advokatkontakt i Nord-Rogaland

ADVOKATENE

VIKSE, HAUGLAND, BERGE OG BACHMANN

MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING - KONTORFELLESKAP

Sørhauggt. 77, (Markedet 5. etg.) Boks 10, 5501 Haugesund

www.advokateneimarkedet.no - Telefax: 52 70 87 66

**Landbruksjus, (fast eiendoms rettsforhold, odelsrett, konsesjonslov, tomtefeste, ekspropriasjons- og bygningsrett, m.m.), arve- og skifterett, erstatnings- og forsikringsrett, gjeldsforhandlinger og alminnelig praksis.**

Advokat Bjørn O. Vikse

Tlf.: 52 70 87 50  
Mobil: 950 42 999  
vikse@advokateneimarkedet.no

Advokat Jens Otto Haugland

Møterett for Høyesterett  
Tlf.: 52 70 87 55  
Mobil: 901 24 723  
haugland@advokateneimarkedet.no

Advokat Ole Johan Berge

Tlf.: 52 70 87 60  
Mobil: 917 96 357  
berge@advokateneimarkedet.no

Advokat Trond Jarle Bachmann

Tlf.: 52 70 87 57  
Mobil: 916 77 877  
bachmann@advokateneimarkedet.no



! Ring oss på **03100** så hjelper vi deg

## Har du forsikret deg selv og familien?

Bolig, bil, driftsbygninger, maskiner og andre materielle ting er som oftest godt forsikret på norske gårder. Det aller mest verdifulle vi har, nemlig familien, trenger også en ekstra trygghet.

Er du under 35 år og medlem av Norges Bondelag, kan du blant annet få en gruppelevsforsegling for 19 kroner i måneden.

Vil du vite mer om forsikringene våre og medlemsfordelene dine, kan du ringe oss på 03100. Du kan også lese mer på [gjensidige.no/landbruk](http://gjensidige.no/landbruk)



Gjensidige



# RYGER

ADVOKATFIRMA

## Spør oss - vi kan landbruk!

Kontaktpersoner:

Advokat Paul Aakre (paul.aakre@ryger.no)

Advokatfullmektig Helge Vatland (helge.vatland@ryger.no)

Les mer på [www.ryger.no](http://www.ryger.no)  
Telefon 51 91 75 00



Kva betyr samvirke for deg?

tryggleik  
eigar  
moderne  
sosialt  
felleskap  
langsiktig  
etterbetaling  
merkevarer  
rådgjeving  
demokrati  
rettferdig  
verdikjedemakt





# Mye er likt, men ikke alt



Foto: Rune Bendiksen / Studio B13

Målsettingen hos oss og våre konkurrenter er den samme. Best mulig økonomi til eierne. I Nortura er det bonden som er eier.



Rente driftskreditt:

**3,40%**

Bankmøte hos deg?



**DISTRIKTSSJEF ROGALAND**  
Peder Skåre

Tlf 911 01 528  
peder.skare@landkredittbank.no

## Hold betalingsevnen stabil med driftskreditt

Med driftskreditt får du større fleksibilitet i den daglige driften, og holder betalingsevnen stabil i perioder der inntektene svinger. Søk om driftskreditt hos oss!

Les mer på [Landkredittbank.no/driftskreditt](http://Landkredittbank.no/driftskreditt) eller snakk med oss på 815 52 245.



# KUNNSKAP, INSPIRASJON OG FRAMTIDSTRU TIL LANDBRUKSNÆRINGA

Modulbasert agronom- utdanning for vaksne på kveldstid

- Plante- og husdyrfag
- Utmark og kulturlandskap
- Gardsdrift
- Økonomi og driftsleiing
- Traktor og maskinar

Søknadsskjema og meir  
info på vår heimeside

[www.vlj.no](http://www.vlj.no)



Vinterlandbruksskolen  
på Jæren

CC BY-NC

## Haver Advokatfirma Ans

Haver har gjennom en årrekke vært den mest sentrale juridiske rådgiver for landbruksnæringen i jærregionen med kontorer på Bryne og i Stavanger. Våre advokater har bred erfaring og inngående kjennskap til landbruksnæringen, og bistår både gårdbrukere, næringsmiddelindustrien, landbrukssamvirker og -organisasjoner, samt matvarehandelsbedrifter.

Vi har omfattende erfaring knyttet til generasjonsskifter i landbruket, odelsrett, grunnerv, ekspropriasjonssaker, skjønn, jordskifte og enkelttvister for landbruksklienter.

Ta kontakt med Endre Skjørestad ([e.skjorestad@haver.no](mailto:e.skjorestad@haver.no)) eller Sindre Oftedal ([s.oftedal@haver.no](mailto:s.oftedal@haver.no)) så er du på den sikre siden.

[haver.no](http://haver.no) - Forus: 51 55 44 10 - Bryne: 51 77 00 50

**haver**\_\_\_\_\_



# Høringsuttalelse til forslag om ny privatskolelov

Høringsuttalelsen gjelder pkt 10.5 "minste elevtall." Moderne jordbruk stiller stadig større krav til bøndenes faglige kompetanse, innen blant annet økonomi, dyrevelferd og økologi. Gårdene i Rogaland kan ikke sysselsette flere generasjoner av bønder, og overtakingsalder er mellom 30- og 40 år. Dette resulterer i at unge, håpefulle bønder ofte blir utdannet i andre fag og har annen arbeidserfaring før de tar over gården. Regjeringens politiske mål om økt produksjon og effektivitet i jord-

bruket krever tilgang til faglig utdanning og kompetanseheving. Tilbudet Vinterlandbruksskulene i Rogaland gir til bønder er svært viktig for bøndene og jordbruket i fylket. Det er et viktig bidrag til å sikre god agronomi i jordbruksfylket Rogaland.

Vinterlandbruksskulene har tilpasset sin undervisning til distriktene de underviser i. Dette gjenspeiler seg i alt fra fagtilbud til hvordan de er organisert. Å øke minstegrensa for elevtall fra 15 til 30 elever vil være en kritisk endring for

skoler som har historiske elevtall under 30, og ødelegge for muligheten til lokal tilpassning. Hvis Vinterlandbruksskulene blir lagt ned vil Rogaland miste utdanningsinstitusjonene som utdanner over 70 % av agronomene i fylket.

Rogaland Bondelag ber om at departementets forslag til å øke minstegrensa for elevtall blir tatt bort, eller at Vinterlandbruksskulene i Rogaland blir skjerma for 30-grensa.

## Redusert fosfor i gjødsel frå einmaga dyr

Rogaland Bondelag er med i prosjektgruppe som skal lede arbeidet. I førarsete for prosjektet sitt Felleskjøpet Rogaland Agder og Fiskå, saman med andre landbruksbedrifter i fylket

### Bakgrunn for prosjektet

På grunn av økt forurensning av vassdrag og kystnære havområder som følge av utslipp av fosfor fra husholdninger, industri og landbruk, har EU og norske myndigheter arbeidet med tiltak som kan begrense utslippene av fosfor.

Blant mulige tiltak som har vært vurdert er en relativt betydelig økning av kravet til spredeareal for spredning av

husdyrgjødsel. I områder med konsentrert husdyrproduksjon som Rogaland, vil skjerpede krav kunne føre til at antall husdyr vil måtte reduseres. Konsekvenser er beskrevet i eget notat fra NILF, *Gjødselvarerforskriften er under revisjon – mulige konsekvenser for jordbruket i Rogaland 2011 -10*.

Dette vil kunne få dramatiske konsekvenser for den enkelte bonde, for forsyningsindustrien til landbruket og for foredlingsindustrien som tar hånd om og foredler kjøtt, melk og egg.

### Hva en ønsker å oppnå

- En ønsker å se på muligheter for å redusere fosfor i gjødsel til enmaga

dyr ved å forbedre fordøyelighet og utnyttelse.

- Oppdatere normer for GDE ut fra reelt innhold av fosfor i gjødsel.

Prosjektgruppen har søkt og fått tildelt økonomiske midler fra forskningsrådet.

Rogaland Bondelag skal bidra med kr 15 000,- årlig i en treårsperiode.

FKRA, Fiskå, Q meieriet, Tine, Nortura m flere deltar med finansiering.

Arbeidet vil bli utført i nært samarbeid mellom fagmiljø på NMBU på Ås og landbruks industri i Rogaland.

## Høring – Norsk pelsdyr

Pelsdyrutvalget ble oppnevnt for å bidra til forutsigbarhet om fremtidige rammevilkår for pelsdyrnæringen. Et flertall bestående av fem medlemmer går inn for bærekraftig utvikling av næringen, og mener at velferden for pelsdyr vil være ivaretatt dersom regelverket etterleves og de foreslåtte tiltakene knyttet til dyrevelferd blir fulgt opp innen rimelig tid. Det forutsettes at Mattilsynet må kunne reagere raskt og hensiktsmessig ved avdekking av alvorlige brudd på regelverket. Utvalget konstaterer at det nye regelverket, som kom i 2011, danner grunnlag for bedre

velferd, men at det fortsatt er velferdsutfordringer i dagens pelsdyrhold.

For å styrke næringens legitimitet, foreslås følgende forbedringer i velferden:

- Forskning på alternative oppholdsenheter for rev og mink eller et supplement til dagens oppholdsenhet, som gir større muligheter for å kunne utøve atferd som er viktig for dyrene
- Felles nordisk samarbeid mellom næring og forskningsinstitusjonene
- Styrke/systematisere avlsarbeidet på rev og mink for å oppnå mer tillitsfulle dyr
- Ta i bruk velferdsvurderinger for jevnlig å dokumentere dyrevelferden

- Bedre system for dokumentasjon av drift og velferd ved å innføre bruk av elektronisk journalsystem

- Fortgang i forsknings- og utviklingsarbeid for økt dyrevelferd ved å bevilge mer offentlige midler til forskning som vil resultere i dokumenterte velferdsforbedrende tiltak

Rogaland Bondelag støtter pelsdyrutvalet si fleirtalsinnstilling og tilrår at det vert arbeid vidare ut frå dette.

# Organisasjonssaker

Arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2015 – 2016.....	26
Ledermøte og Ledertur .....	28
Distriktsmøter vinteren og haust .....	30
Årsmøte i Norges Bondelag .....	31
Aktive lokallagsmidler .....	31

## Arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2015 – 2016

*Arbeidsplanen byggjer på strategi-  
planen til Rogaland Bondelag og  
er grunnfesta i visjonen:*

### **Eit levande landbruk**

Arbeidsområda styret til Rogaland  
Bondelag vil prioritera:

### **Ramevilkåra for landbruket, styrke inntektsutviklinga og sikre rekrutte- ring til næringa**

- Engasjera lokallaga og oppmoda til å gje uttale på saker som påverkar bondens inntekt og drift.
- Delta i utvikling og tilrettelegging med kompetanseheving for heila landbruket.

- Oppfølging av regionalplan for landbruk i Rogaland
- Arbeida aktivt ang. revideringa av gjødselsforskriftene, spreiearealkravet og innføring av vassdirektivet i fylket
- Ha møte med representantane i Rogalandsbenken individmessig, og sentrale fylkespolitikarar.

### **Praktisk HMS arbeid på garden**

- Følgja opp 0-visjonen - Ingen ulukker på min gard.
- Oppmoda lokallaga til kurs utarbeida av LHMS.
- Areal og ressursforvaltning.
- Følgje med jordvernsituasjonen i kommunane.
- Tilby kompetanse til lokallaga innan planarbeid i kommunane.

### **Delta i samfunnsdebatten – fylgje opp info-strategien**

- Synleggjer bondens verdiskaping
- Delta på møte i lokallag, ta opp aktuelle saker frå lokallaga for vidare behandling i Norges Bondelag og andre.
- Følgja opp kontakten med stortingsbenken og fylkespolitikarar og delta på møte der representantar frå leiande næringsorganisasjonar møtes og ha god kontakt med media.
- Skaffe seg kunnskap og kunne delta aktivt på møte der rammevilkåra for landbruket vart drøfta.
- Ta del i arbeidet med utvikling av bio-gassanlegg i Rogaland
- Tilrettelegga nettsida meir for media.

### **Andre tiltak knytte opp til måla i strategiplanen:**

#### **Våre medlemmer**

- Ta vare på medlemmer ein alt har og ha fokus på verving av bønder med produksjon, marknadsføra unge bønder-pakken og følgja desse spesielt opp.
- Arbeida for å få fleire kvinner som aktive medlemmer og som tillitsvalde i organisasjonen
- Vere synlege og aktive
- Ta vare på samholdet og solidariteten i organisasjonen og innan næringa

#### **Lokallaga**

- Følgja opp innhaldet i Tiltaksplan for å styrkja organisasjonsarbeidet og auka aktiviteten i lokallaga
- Hjelpa til med opplegg lokallaga kan nytta i møte med lokale politikarar og andre i sitt nærmiljø



*Kontakt med folkevalde er viktig for styret i Rogaland Bondelag. Her er tidligare ordførar i Finnøy Gro Skartveit (V) og stortingsrepresentant Roy Steffensen (FrP) på besøk hjå Lisa Breiland.*



Foto: Ingeborg Herstad.

- Motivera lokallaga til å bidra med stoff til fylkeslaget si heimeside.
- Gå aktivt ut med kurstilbod til tillitsvalde og stimulera dei til å delta
- Motivera til å etablera fellesstyre mellom lokallag i ein kommune og stimulera til samarbeid mellom lokallag innan regionane i fylket
- Styret skal i løpet av arbeidsåret ha to kontaktrundar med leiarane i lokallaga og vera bevisste på lokallaga sine ynskjer og utfordringar
- Oppmoda lokallaga til å pleia kontakten med lokalpolitikarane og næringsavdelingane i kommunen, og søke medlemskap i lokale næringsforeiningar
- Oppmoda lokallaga til støtta opp om bygdeungdomslaget
- Hjelpa lokallaga til å gjennomføra Open Gard og arbeida for at det vert Open Gardarrangement fordelt over heile fylket
- Lokallagas innspel som eiga sak på styremøte
- Invitera nye medlemmar til lokallaga, både personlige- og bruksmedlemmar

#### **Næringspolitikk**

- Ha eit aktivt engasjement i næringspolitiske saker opp mot Norges Bondelag.
- Følgja opp saker som kjem frå enkeltmedlemmer og lokallaga.
- Gjennomføra tiltak som vert lagt opp frå Norges Bondelag si side.
- Delta på ulike næringskonferansar i fylket.

#### **Nettverksbygging**

- Gjennomføra tiltak i samband med Den Grøne Skulen.
- Oppretthalda kontakten med hjelpeprosjektet i Sambolabo i Kamerun. (U - hjelpsutvalet).
- Gjennomføra kurs for kokkelevar på vidaregåande skular i fylket.
- Delta i partnerskapet i NCE (Norwegian Centres for Expertice) - Nasjonalt senter for utvikling og vekst innanfor matindustriell forskning - og gjera det betre kjent hjå medlemmane, og andre aktivitetar som er på Måltidets Hus.
- Støtta opp om Nei til EU.

#### **Nye satsingsområde**

##### **- landbruksbasert næringsutvikling**

- Arbeida vidare med tilleggsnærings og annan landbruksbasert næringsutvikling.
- Følgja opp strategiplanen for Økologisk landbruksproduksjon i Rogaland.
- Kontakt med Andelsgard.

##### **Arealforvaltning**

- Hjelpa til og oppfordra lokallaga til engasjement i plan- og reguleringsaker på kommunenivå.
- Bistå lokallaga i ulike vernesaker som kjem opp til behandling.

##### **Samarbeidet mellom styret og administrasjonen**

- Foreta evaluering av arbeidsmåten og arbeidssituasjon i styret.
- Gi tid under styremøta til næringspolitiske diskusjonar og innspel på saker det bør arbeidas vidare med.
- Gjennomføra styresamling saman med dei tilsette.
- Ta vare på dei tilsette. Gode folk må vi passe på.

# Ledermøte og ledertur

*Rogaland Bondelag arrangerte ledermøte i forbindelse med tur til Tyrol i Østerrike. Turen var i tidsrommet fredag 6. – mandag 9. november 2015.*

27 lokallag deltok på turen. Elles var fylkesstyret, RBK, RBU, leder i valg-nemnda for fylkeslaget, Norges Bondelag, Samarbeidsrådet og kontoret med. Til sammen var vi 42 personer fra landbruket i fylket med. Reiseledere var Anne Kari T. Fossen og Ove Harald Fossen.

Tyrol er et Østerrisk alpelandskap, hvor turisme og jordbruk går hånd i hånd. Melk, storfe, skogbruk og et vak-kert kulturlandskap basert på lange jordbrukstradisjoner skaper en stor turistnæring som er svært viktig for regionen.

Vi møtte mange engasjerte og stolte bønder, som med glede åpnet fjøs-dørene sine for å vise oss hva de drev med. Det som var overraskende for oss var hvor sammenvevd landsbyliv og jordbruk var – i kjelleren i det vi først trodde var et vanlig hus fant vi et fjøs med melkekyr. Og det var vanlig å drive kyrne igjennom landsbyen for å få dem til beite.

Alpelandskapet er bratt og markene er vanskeligere å høste en hos flere av oss. Derfor er jordbruket preget av små besetninger, mindre en i Norge. Bøndene må dermed spe på inntekten, og mange driver flersysleri med en fot i tursimen og en fot i jordbruket. Denne kombinasjonen gjør at man holder garden og markene i drift.

*Marit Epletveit, Olav Sande og Inga Steinsland med Einar Frogner og Ruth Soma i bakgrunnen.*



*Frå venstre: Tore Fuglestad, Bente Gro M. Slettebø, May Sissel Nodland, Ivar Tore Hetland Storhaug, Kjell Andreas Heskestad, Øyvind Voilås, Per Kåre Kjørmo og Tron Skjefrås.*

Vi møtte flere bønder på turen. Turens store bruk fant vi i Bayern, hvor vi besøkte Anton, som er gårdsbestyrer på gårdsklosteret St. Ottilien. Klosteret huser om lag 80 munk, og gården er med på å forsyne klosteret med mat, inntekt og varme. Klosteret driver bl.a en skole, pensjonat og boktrykkeri. Gården har 300 hektar jord, 100 hektar skog, og 500 dyr (deriblant 170 melkekyr og 100 okser – totalt 500 storfe). Treverk, mais og møkk blir omgjort til biogass for å varme klosteret, og salg av strøm til landsbyen. De får en fast pris 24 cent kw/h, som er i ledd med den tyske satsingen på alternativ energi.

I Zillertal i Østerrike møtte vi den svært entusiastiske og stolte bondekona Elisabeth på Hirchenhof. Hun produserer høgmelk og tar i mot turister. Mora på 90 er med i bedriften, og tar i mot turister. Elisabeth har 26 dyr på beite, slår høy mellom 4-5 ganger i sesongen og viderefører tradisjoner med stølsbruk. Gjester på vertshuset kan hente melk fra tanken selv, og fjøset er innbyggt i huset. Hun får 33 cent literen for høymelk.

Vi hadde flere gardsbesøk i Zillertal, vi besøkte og en gård som kombinerte simmentalkyr med hesteproduksjon. Fjøset var nytt, men bygd som båsfjøs. De hadde 40 ungdyr, og 25-30 kyr på 22 ha jord. Kyrne melket 8930 liter per ku, med 4,32% fett og 3,36% protein. De får 42 cent literen for høymelk og

36 cent for silomelk. Stølen er på 1700-2000 meter over havet, og om sommeren går dyra ute natt og dag. De beiter totalt 180 dager i året. I tillegg til kyr har de 23 stk Halfinger-hest. De selger halvårssjøll til 9500 euro stykket.

På nabogården til hotellet vi bodde på driver de økologisk, med 20 melkekyr og 10 ungdyr. Vi møtte Patrik, som er ansatt som melker på gården. Han fortalte om hvordan det er å være ansatt på gårdene her. De fleste bøndene melker selv, men det er blitt mer vanlig å ansette folk til å hjelpe på garden. De har kyrne på stølsbeite på 2000 meter over havet om sommeren, og det er om lag 15 til 20 kilometer med driving for å få dem ned igjen.

Naboen til denne gården kom og lurte på hva slags folk vi var! Hun inviterte oss inn for å se hennes fjøs også, svært gjestfri. Hun drev som de fleste andre, med støltsdrift og beite på over 1000 meter over havet, denne stølen deler hun med tre andre bønder. Hun var nok et tilfelle på en sterk yrkesstolthet. Det var godt naboskap i bygda og bøndene stiller opp for hverandre.

Tirol er tradisjonelt en melkere-region, og produserer mange oster. Det er mange små meierier, som bøndene har kontraktproduksjon med. I dag er det i Zillertal syv små meierier. Vi besøkte et meieri på Fügen som produserer ost på støls- og høymelk. Bøndene får 45 cent per liter.

# Referat fra ledermøtet

Selve ledermøtet ble holdt på søndag den 8. november. Sentrale tema som ble diskutert var pelsdyr, krav om løsdrift, korn, kraftfor og grovfor, dobbeltspor på Jærbanen, LA-MRSA og mer.

## **Ola Andreas Byrkjedal, fylkesleder:**

*Viktige saker for oss i Rogaland.*

*Hva skal vi ha fokus på?*

Vi starter med arbeidet opp mot næringspolitisk program. Vi må gi innspill til Norges Bondelag slik at vi kan få med våre saker.

Vi er ikke fornøyde med økt skattebyrde, som er i mot regjeringsprogrammet.

Aktuell politikk framover er bl.a. pelsmeldinga, landbruksmeldinga, forhandlingene m.m. Bruk kontaktnettet deres i det politiske arbeidet!

Vi er et kjempefylke i enkeltproduksjoner – vi leverer mer svin enn de neste to fylkene til sammen. Underdekning i den norske storfeproduksjonen – hvordan kan vi bidra her? 60 % av all ammeku står på bås fjøs, løsdriftkravet vil skape utfordringer her.

Korn/kraftfor – hvordan styrke økonomien til korn uten å flytte kostnadene over til kraftforkrevende produksjoner?

## **Einar Frogner, medlem i styret og arbeidsutvalg i Norges Bondelag:**

*Tema: Prioriterte saker i Norges Bondelag, Næringspolitisk program – Utfordringer.*

Jobben lokallaga gjør spisser fylkeslaget og Norges Bondelag.

Internasjonal matproduksjon går nedover, vanntilgang blir viktigere. Vi er en del av klimaløsningen, og viktig for stabil selvforsyning. Biomasse også aktuelt.

Vi må bruke arealene, det er mye gjengroing. Kornarealer går til gress. Vi må stimulere til å øke volum. Økonomien er et virkemiddel for å øke produksjon av mat.

Landbruket må på det politiske programmet til neste valg, derfor lager vi et nytt næringspolitisk program.

Tett samarbeid med pelsnæringa.



*Goe gjeng på tur.*

Melk er fortsatt bærebjelken i distriktene. Klarer vi å produsere for framtiden med løsdriftkravene? Vil vi få større husdyrklynger? Vi må produsere godt grovfor framover.

Disse temaene ble diskutert etter innlegga til Ola Andreas og Einar:

- Næringspolitisk program
- Utnytte ressursgrunnlaget på garden.
- Korn / kraftfôr, kanaliseringspolitikken viktig
- Hvordan forholde oss til balanse mellom korn, kraftfôr, ammeku og arealbruk.
- Kraftfôrprisen må ikke gå opp som følge av bedre kornøkonomi.
- Distrikt-fordeling – stimulere til beitebruk i distrikta
- Import av proteinråstoff til kraftfôr til grønne og blå næringer.
- Pelsdyr

- Krav om lausdrift 2024
- LA-MRSA
- Arkeologiske utgravinger
- Dobbeltspor for jernbane over Jæren. (stort engasjement)
- Kjøp og bruk av rottegift på garden, for streng ordning i dag.
- HMS og folkehelse – må få myndighetene med
- IVAR og mulig bandlegging av jordbruksområder på Bjerkreim
- Hva kan vi lære av Austerrike – fôr-baserte tilskudd?
- Sau og utmarksressurser

# Distriktsmøter vinteren 2015

Det ble holdt distriktsmøter for Nord-Fylket 27. januar og for Ryfylke, Jæren og Dalane samlet den 28. januar.

Tirsdag 27. januar ble distriktsmøte for Nord-Rogaland avholdt i Aksdal. De 35 oppmøtte kom i hovedsak fra lokallaga, i tillegg til fylkesleder Ola Andreas Byrkjedal og Arnstein Røyneberg, 1. vara i Norges Bondelag.

Arnstein Røyneberg holdt innlegg om jordbruksforhandlingene til våren, og de utfordringene jordbruksnæringene står over. Han inviterte til innspill om hva Norges Bondelag skal fokusere på i forhandlingene.

Onsdag 28. januar ble distriktsmøtet for fra Ryfylke, Jæren og Dalane avholdt i Gjesdal. Det var 75 oppmøtte fra lokallaga, i tillegg til fylkesleder Ola Andreas Byrkjedal og fire medlemmer fra fylkesstyret.

Anders Huus, seniorrådgiver i Norges Bondelags næringspolitisk avdeling holdt innlegg om jordbruksforhandlingene.



Frå "Bestastova" i Aksdal – på kulturhuset.

# Distriktsmøter hausten 2015

Den 26., 27. og 29. oktober arrangerte Rogaland Bondelag distriktsmøte på Bore, Helleland og Aksdal. Til saman møtte snautt 100 tillitsvalde frå lokallaga på desse møta.

På distriktsmøta om hausten er det vanleg å ta opp organisasjonssaker i bondelaget. Nestleiar i Rogaland Bondelag Kjell Andreas Heskestad haldt innlegg om arbeidet framover i bondelaget. Andre saker som vart tatt opp var politisk arbeid i lokallaga og fylkeslaget. Vidare vart nettløysingar på Mitt lokallag og styrearbeid presentert. Bruken av nettløysingane til bondelaget kan gje lokallaga eit godt verktøy for oversikt, oppdateringar og rapportering til fylkeslaget.

Det var tilbakemeldingar og debatt om blant anna korleis vi skal forholde oss til et politiske arbeid framover, tollvern og om utfordringar som pelsdyrnæringa står ovanfor.



Frå Helleland Landbrukssenter.





